


Jølst

UTGJEVE AV JØLSTER MÅLLAG 2019 – ÅRGANG 34



Forskaren



Langløparen



Hekkeløparen



Studenten

Lars Fjell
Pennalfabrikken på Vassenden

Jan Asle Bolset
Saeløysing i verdensklasse

Astrid Befring Hovda
Mjølkeruta i Stardalen

Hallstein Dvergsdal
Juleheftesamlaren på Vassenden

Innhald:

Nytt frå Jølster Mållag	Ingrid Søyland	4
Travel jølstring i Paris	Kristian Fossheim	5
Eit Astrup-minne	Per Kramer	7
Ei framtid, mange draumar	Emma Førde	9
Ein lang veg igjen	Ida Klakegg	10
Håvard i Svingen	Jan Asle Bolset	12
Astrup - Flammen over Jølster	Bjørn Førde	14
Jakob Slåtten - Ingen hinder i vegen	Anne Cecilie Kapstad	16
Grunn til panikk - eller isje	Ingrid Gulbrandsen Årdal	20
«Pennalfabrikken i Jølster»	Lars Fjell / Aina Gamborg	23
Saueløysing i verdsklasse	Jan Asle Bolset	27
Styvingstrea i Kjøsnesfjorden	Einar Gautefall.....	30
Mjølkeruta i Stardalen	Astrid Befring Hovda	32
Olav hugsar godt mjølkebilane	Hallstein Dvergsdal	34
Juleheftesamlaren frå Vassenden	Hallstein Dvergsdal	35
Eit veireliv	Jan Asle Bolset	38
I Martin Luther sine fotefar	Ingrid Søyland	39
Gamle vêrmerke kan framleis fungere	43

Haust ved Jølstravatnet, Sandalen. Foto: Hallstein Dvergsdal.



Kjære lesar!

Bladet du nett har opna er litt spesielt. Det er nemleg siste nummeret av Jølst før Jølster kommune er historie. Om nokre få veker går vi inn i Sunnfjord kommune, til glede for somme og til sorg for andre.

Det var, for å seie det forsiktig, delte meiningar om kor vidt vi skulle gå inn i den nye kommunen, eller ikkje. Folkerøysinga synte nemleg nesten daudt løp, med ei lita overvekt av ja-stemmer.

I september var det så val av kommunestyrerepresentantar til den nye kommunen. Jølster kom godt ut av dette valet og fekk elleve representantar i det nye kommunestyret. Dermed gjekk det ikkje slik mange frykta; nemleg at Førde ville få ein for stor del av kommunestyret på 45 medlemmer.

Det nye kommunestyret har konstituert seg og vil snart komme saman for å vedta budsjett for det første året med ny kommune. Økonomien blir eit problem frå første dag, ser det ut til, og det må truleg gjerast kutt både her og der for å få kabalen til å gå opp. Men dette med stram kommuneøkonomi har no både jølstringar og andre rikeleg erfaring med. Det er ikkje småtterier som har blitt kuttet i dei kommunale budsjetta siste åra. Vi skal sjølv sagt ikkje meine noko om dei to hallane som er under bygging, berre slå fast at det har vore skjer i den økonomiske sjøen og at det framleis er ting som ikkje er avklara når det gjeld økonomien.

Jølster har vore sterkt i fokus i haust og grunnen er sjølv sagt dei ekstreme hendingane 30. juli, der eit liv gjekk tapt og store materielle skader snudde opp ned på mangt og mykje. Det har vore sagt at skadane i Jølster kjem til å koste minst 200 millionar å reparere, og då er det forsiktig i kalkulert.

I dagane etter rasa var det eit enormt fokus på bygda, med massiv mediedekning og fleire besøk frå regjeringa. Det var folkemøte og orienteringar, og spørsmåla var langt fleire enn svara. Folk måtte flykte frå heimane sine den uverkelege raskvelden, og enkelte våga ikkje å flytte tilbake før dei var sikre på at det ikkje ville komme nye ras. Desse var «flyktningar» i eiga bygd i fleire månader. For nokre veker

sidan fekk desse familiane besøk av HKH Kronprins Haakon Magnus, som ein gest til dei som var råka av naturkreftene sine herjingar. Kronprinsen fekk orientering om rasa, hjelpearbeidet og litt om vegen vidare.

-Det er viktig å ta vare på kvarandre og å få tid til å fordyre hendingane, sa Kronprinsen som verka engasjert og interessert i det som hadde skjedd.

Men det som står att etter desse hendingane, i tillegg til øydeleggingar og tragedie, er den enorme mobiliseringa som bygdefolket sette i gang raskvelden for å hjelpe til med evakuering, etablere mottak for alle vegfarande som vart innesperra, og ikkje minst den enorme innsatsen som vart sett inn for å prøve å finne han som var sakna. Dette gjorde sterkt inntrykk på veldig mange og vart kringkasta i «alle kanalar»

På denne måten fekk Jølster vist kva som bur i små bygdesamfunn når det gjeld vilje og evne til å stille opp for dei som treng det, når dei treng det.

– Dette er eit kvalitetsstempel på bygda, var det ein av dei besøkande statsrådene som sa, og det har han sjølv sagt rett i. Eigenskapar som dette er også ei god ballast å ta med seg når jølstringane no skal seie farvel til kommunen som har eksistert sidan 1838.

Jølst ønskjer alle og ein kvar ei fredeleg jul og eit spennande nytt og godt år i ny kommune.

H.D.

3

REDAKSJONEN I JØLST:
Hallstein Dvergsdal, redaktør
Einar Gautefall
Jan Asle Bolset
Aina Gamborg

STYRET I JØLSTER MÅLLAG:
Ingrid Søyland, leiar
Maria Sture, nestleiar
Ola Kongsvik, skrivar
Einar Gautefall, kasserar
Steinar Dvergsdal

ADRESSA TIL MÅLLAGET:
Jølster Mållag v/Einar Gautefall
6843 Skei i Jølster
www.facebook.com • Jølster mållag

Nytt frå Jølster Mållag

Tekst: Ingrid Søyland. Foto: Hallstein Dvergsdal

I år kan vi presentere Jølst nummer 34, takka vere den trufaste, engasjerte og driftige redaksjonsnemnda vår. Dei fortener stor heider og ære.

Det er eit årleg mål å gje nynorske barnebøker til barnehagane. Samlaget tilbød bokpakke med fem bøker, og vi kjøpte inn eit sett til kvar av dei fem barnehagane i kommunen. Underskrivne leverte bøkene personleg og hadde ei hyggeleg lesestund med ungane i barnehagane i Stardalen og på Skei. Med bokmålet strøymande på oss gjennom media, bøker og dataspel, har mållaga ei stor oppgåve i å gjere barn og unge bevisste på og stolte av eigen dialekt og nærleiken til nynorsk skriftspråk. Dette har mykje å seie for framtida til nynorsken.

Vi hadde stand på Aurefesten. Denne tilskipinga set verkeleg Jølster på kartet!

Bokdagen 2018 var på Jølstramuseet. Der opplevde vi Oddvar Torsheim i fri utfolding, med munnspele og song. Stig Årdal fortalde om boka si Amerikadraum, som Selja forlag gir ut, og Leon Årdal og Irene Hestvik stod for det kulturelle innslaget med jølstraspringar. Målros vart tildelt Jølster 365 ved leiar Heidi Fossheim Årdal. Nynorske bøker vert presentert av Skald og Norli Handelshuset i Førde (no Norli Alti).

Atle Berge, forfattaren bak lettlest-serien «Barcelona-gjengen», besøkte 3/4.klasse på Skei i haust. Han las frå bøkene sine, og så laga han ei historie i lag med elevane. Det innebar at han lærte dei kva ei god historie må innehalde, korleis ein får ho til å gå framover og fengje, og korleis ein kan runde ho av. Då timen var slutt, fanst det ei ny forteljing i klasserommet, som elevane hadde laga sjølve.

Mållaget støtta dette opplegget økonomisk.

I år er 10.klasse ved Skei skule representert i Jølst med to tekstar. Det er alltid interessant å få eit innblikk i ungdommane sine tankar og refleksjonar. Denne gongen handlar tekstane om framtidsutsikter.

Jølster Mållag har eiga Facebook-side. Ta ho gjerne i bruk.

Vi ønskjer oss framleis fleire medlemmer! Dess fleire vi er på laget, dess betre arbeid kan vi gjere. Massiv påverknad frå bokmål og engelsk gjer nynorsken og dialektane utsett. Vi treng ein aktiv og engasjert organisasjon. Send NYNORSK til tlf.2490, eller kontakt nokon i styret: Maria Sture, Steinar Dvergsdal, Ola Kongsvik, Einar Gautefall, alle adr. Skei, eller Ingrid Søyland, Vassenden. De er hjarteleg velkomne på laget.



Oddvar Torsheim var ein av attraksjonane på bokdagen i fjor. Han fekk sjølvsagt med seg eit eksemplar av Jølst.



Målrosvinnar i fjor vart Jølster 365. Heidi Fossheim Årdal tok mot prisen.

Travel jølstring i Paris

Tekst og foto: Kristian Fosshem

I Paris finn vi jølstringen professor Johannes (Johs.) Hjellbrekke, internasjonalt kjend forskar, travel direktør, og aktiv koordinator for samarbeidstiltak mellom norske forskarar og mellom norske forskarar og forskarar frå universitet verda rundt

Det norske universitetssenteret DNUP som han leiar, har heile 600-700 gjester i året. Her går det unna med konferansar, doktorgradskurs, seminar og workshops.

Internasjonalt samarbeid

I den vitskaplege verda er få ting viktigare enn å ha eit aktivt internasjonalt samarbeid. Innan dei humanistiske disiplinane som historie, litteratur, sosiologi, filosofi osv. har nettopp dette ført til opprettinga av senteret Johs. er leiar av.

Å vere nøkkelperson i dette samarbeidet i metropolen Paris som har vore eit verdssentrum for kultur, filosofi og politisk tenking er ei både krevjande og ærefull oppgåve. Men Johs. Hjellbrekke har ikkje hatt for vane å fylle dei lokale avisspaltene om sitt arbeid, så mange jølstringar har difor truleg høyrte lite eller ingenting om hans framgangsrike liv i akademia, trass i hans framskotne posisjon. Så kven er han?

Bondeson

Johs., fødd 1965, er på farssida son til gardbrukar Harald Hjellbrekke, som i Jølst har vore omtala som ein av fylkets største idrettsmenn gjennom tidene, som langdistanse- og langrennsløpar. Politisk vart Harald først sterkt engasjert i saka om Vassenden skule. Han sat seinare som skulestyreformann i ei årrekke, og også fleire periodar i kommunestyret. Slekta har ætterøter også i austre bygda, på Sveien, Bolset, og på Fonn. Mange i familien tok høgare utdanning. Målsaka har stått svært sterkt, både gjennom grandonkel Erik Hjellbrekke, æresmedlem i Noregs Mållag, og ved onkel Dagfinn Hjellbrekke som var formann i Noregs Mållag. Når desse har ulik stavemåte i etternamnet, er det ei historie som går tilbake til Erik. Han overtydde først alle om at dei burde endre familienamnet til Hjellbrekke, fann så ut at det likevel var historisk feil, og gjekk sjølv tilbake til Hjellbrekke. Men nå ville ikkje familien eller grenda elles vere med på nok eit namnebyte. Etterkomarane til Erik vart dermed heitande Hjellbrekke, mens etterkomarane til broren Johannes vart heitande Hjellbrekke, her òg Harald, syskenflokkens hans og deira etterkomarar.

Student i Bergen

Johs. har nok arva mykje av farens atletiske anlegg, men har nytta den styrken som ei energikjelde i sitt arbeid heller



Johannes Hjellbrekke, Paris 2019.

enn i idrettskonkurransar. Det har sikkert kome godt med. Hjortejakt har vore ei kjekk fritidsinteresse, men dei siste åra vanskeleg å kombinere med jobben i Paris. Mor til Johs., Arnhild (f. Vilnes), som lever ennå, er frå Atløy. Familien sin tilknytning til hennar heimstad syner seg ved besøka på hytta dei bygde der.

Korleis kom så Johs. dit han er i dag? Etter vidaregåande skule i Førde, studerte han ved Universitetet i Bergen, der han etter kvart kom under innverknad av miljøet skapt av den internasjonalt vidgjetne samfunnsforskaren Stein Rokkan. Johs. valde å gå i liknande retning. Som student

tok han dermed humanistiske fag, alt her til dømes fransk språk, som skulle bli viktig for han seinare karriere, og sosiologi og historie. Han tok hovudfag i sosiologi i Bergen i 1993, deretter doktorgrad i sosiologi, Dr. polit. , i 1999. Etter diverse kortare engasjement vart han professor i sosiologi ved Universitetet i Bergen i 2010. Si første bok, ei lærebok i statistikk, gav han ut i 1999. Boka «Sosial Mobilitet», skriven saman med Olav Korsnes i 2006 (ny utgåve i 2012), ikkje overraskande på framifrå nynorsk, på Samlaget, summerer opp mange av forskningsinteressene hans. Eit svært interessant verk som på ein fortrefteleg måte viser kva innsyn i samfunnet sosiologien gjev. Vi klipper rett frå første kapittel:

«Problemstillingar omkring kva samfunnstype vi lever i, kva former for makt og sosiale skiljelinjer som dominerer i dette samfunnet, og korleis dette samfunnet skil seg frå fortidige og samtidige samfunnstypar, har alltid stått sentralt i sosiologien. Analysar av desse problemstillingane dreier seg om sosial endring og stabilitet, og om kva som verkar til å endre eller til å halde oppe ein gjeven sosial struktur, og søker å gripe vekselverknaden mellom einskildindividua sine livsløp, gruppene dei er medlemmer av, strukturane dei er vovne inn i, dei historiske hendingane dei vert vitne til og endringane dei gjennomlever.»

6

Elitane

Ja, dette var berre ein liten smakebit. Dei siste åra har han særleg vore oppteken av problemstillingar rundt elitar,

makt og ulikskap. Det siste kapittelet i boka frå 2006 omhandlar også dette: Korleis kan ein finne ut kven som er og ikkje er ein del av elitane? Er det snakk om ein samla, eller snarare fleire konkurrerande elitegrupperingar? Kva er dei sentrale skillelinene mellom elitane i Noreg i dag? Kva delar av elitane er mest opne og kva delar er mest lukka med omsyn til nyrekruttering? Og i kva grad kan vi snakke om eliteutdanningar i Noreg?

Johs. har publisert ei lang rekkje vitenskaplege artiklar i internasjonale fagtidsskrift. Det ville føre altfor langt av stad å gå vidare inn på det her. Men hans internasjonale posisjon kan kort belyst ved å nemne nokre av dei utanlandske universiteta han har vore gjesteforskar og/eller forelesar ved:

- I Frankrike: Gjesteprofessor ved Université de Limoges, og ved CESPP, EHESS, Paris
- I England: Gjesteprofessor ved University of York, forelesar ved University of Manchester og ved London School of Economics and Political Science.
- I USA: Gjesteprofessor ved Department of sociology, UC Berkeley.
- I USA: Visiting Fulbright Scholar, Department of Sociology, New York University.
- I Frankrike: Visiting scholar ved Centre de sociologie européenne, EHESS, Paris.
- I Italia: Forelesar ved European University Institute, Firenze.


På tide å gje denne gode jølstringen ein talarstol i heimbygda !





VÉRMERKE FOR KYNDELSMESSE

Om isen på Jølstravatnet legg seg etter Kyndelsmesse, vert den liggande i sju veker.



OM PETERS STOL

Denne dagen går «varmesteinen» i jorda og jorda tinar opp nedanfrå. Dersom sola skin så lenge denne dagen at ein kan sale ein hest av og på to gonger, blir det ein pen øg tørr sommar. Som vêret er denne dagen, vil det halde seg i fire veker.

Eit Astrupminne

Tekst: Per Kramer. Foto: Hallstein Dvergsdal



Det var dette huset Per Kramer kjøpte av Nikolai Astrup og flytta frå Myklebust til Bjørndalsneset.

Denne teksten er henta frå Per Kramer si dagbok. Kramer frå Bergen var ein god ven av Nikolai Astrup og besøkte han ofte. Dagboka fortel om Kramer si hyttebygging i Sandalen og dei første åra etterpå. Vi let teksten vere på originalspråket.

I krigens aar, høsten 1916 – efter endt neutralitets-vagttjeneste paa Bergens bæfestninger – besøkte jeg min ven Nikolai Astrup i Jølster for første gang.

Kjøpte tomt

Hans gode venskap og hans hyggelige hjem samt hans prægtige kone – gav anledning til at gjenta besøket. Aaret efter reiste vi – Aagot og jeg paa den første pinsetur, som senere blev til faste årlige reiser. Jølster med sin herlige natur bragte os saa paa tanke om at faa os et sommerhjem heroppe. 1922 paa pinsetur, kjøpte vi saa hos

Nikolai Haugen en del av pladsen Øyane. Ved udfærdigelse av skjøte paa eiendommen gav Astrup stedet navnet Bjørndals-Nese.

Kjøpte hus av Astrup

Efter flere mislykkede forsøk paa at faa et passende hus som kunde være til vore beskjedne krav – enedes jeg med Astrup om kjøp av hans huse paa Myklebust. Pinsen 1924 avsluttet jeg kontrakt Med Anders Aasen om flytning av Husene. Pinsen 1925 stod hoved- Hus og vetle hus paa egen grund paa Bjørndalsneset, Gaardsnr 3, bruksnr.39.

31 mai, 1st pinsedag, var samlet de folk som ved interesse og arbeide hadde deltatt i planens realisering. Sommerbolig for kone og børn i Jølster i ferien, samt naar tiden tillot ogsaa for undertegnede. Tilstede var: Nikolai Astrup, den utræt- telige til at ordne det hele fra første stund

av, - Nikolai Haugen sælgeren av Bjøndalsneset, Anders Aasen og hans svigerfar Knut Pedersen, som hadde fore-tat flytningen av husene til alminde-lig fredshet. Lærer Fond, der med stor interesse hadde fulgt arbeidet og været dets "konduktør" og "tilsynsmand" sammen med Astrup. Kristoffer Sandal, postmesteren og nærmeste nabo, min ven Lars Urdahl fra Bergen. Ikke at forglemme Johs. Sandalstrand, som hadde utført grunderbeidet, vei- og planeringsarbeide.

3dje dags pinse foretoges planting buskfuru forskjellige steder paa eiendommen, nogle løn og bal-sampoppel blev plantet ved huset. Aaret forut i pinsen, plantet Astrup og jeg en del rabarbra og bærbusker paa stykket nede- for veien. 1923 i pinsen plantedes en del selje langs groven, væsentlig stiklinger. Astrup plantet senere en del større seljer med rot, samme sted. Pinsen 1925 var hvad veirlaget Angaar – mindre heldigt, det regnet litt hver dag og var omkring 10grader når det regnet, ved opholds-vær – 12-16 grader.

Her er dagboka signert Lars Urdahl og Per Kramer (Red. merk.)

8

1925 26. Juni reiste Aagot, barna og pigen paa den første ferie paa Bjøndalsneset. Reisen gik



1922. På portalen ved inngangen til hyttetunet står årstalet for kjøpet av tomta og namnet som Nikolai Astrup sette på plassen.

med skibet til Førde og bilen direkte opover – lørdag d.27de. - - -

I herlig sol og sommer flyttet vi inn paa Bjøndalsneset. Solskinn hver dag de fire første uker, flere dager så varmt at vi ikke kunde være ute midt paa dagen.

Ja slik gjekk det altså til seg at Per Kramer fekk seg hytte på Bjøndalsneset. Hytta står der enno og fleire i familien har bygd hytte seinare..

sparebanken
sogn og fjordane

#dagsturhytta

Denne hytta er di!

Med overskotet til Sparebanken Sogn og Fjordane er det kome opp 26 hytter rundt om kring i heile Sogn og Fjordane. Takk til alle som har bidrege til å få hyttene på plass.

Vi ønsker deg ei flott turoppleving!

Den korte vegen til turglede

Dagsturhytta

MARS
25

MARIEMESSE OM VÅREN

Så mykje snø som det er på taket denne dagen, så høgt blir graset til jonsok.

JULI
23

FØRSTE DAG I HUNDEDAGANE

Går hundedagane inn med fint vær 23. juli, går dei ut med fint vær 23. august.



10-ande klasse ved Skei skule som har vore med på denne skrivekonkurransen. Foto: Einar Gautefall.

Jølst inviterte 10. klasse ved Skei skule til å skrive tekstar om framtida. Vi har plukka ut to av dei, som får spalteplass i bladet. Vi takkar hjarteleg for at klassen tok utfordringa.

Ei framtid, mange draumar

Tekst Emma Førde

Når vaksne, lærarar, tanter og onklar spør meg om kva eg vil bli, så tenkjer eg; ja, kva vil eg bli? Korleis kjem framtida mi til å bli? Klima og miljø er ein så stor del av dagens samfunn og notidas problem og diskusjonar, men skal eg la det gå ut- over korleis eg skal tenkje om framtida mi? Ikkje tolk meg feil, framtida mi er ikkje eit stort, svart hol. Eg har store draumar.

Eg drøymmer om ei god og minnerik ungdomstid. Eg drøymmer om ei god utdanning som ikkje stengjer nokon vegar for kva eg kan bli. Eg drøymmer om å finne draumejobben som eg trivst i, kor eg har gode vener og kollegaer. Eg drøymmer om å få ein familie som har det bra nok, og som fint kjem seg gjennom kvardagen. Eg drøymmer om å bli ein glad og positiv pensjonist som tenkjer tilbake på livet sitt som ei fin og minnerik reise, og som ikkje angrar på noko.

Eg har allereie starta på ungdomstida mi, og hittil ser det ut som om draumen min blir oppfylt. Eg har gode vener, ein jobb med kollegaer eg er trygge på, ein familie som betyr alt for meg, og ein skule og ein klasse eg føler meg trygg i. Barndommen min har vore ein av dei beste ein kan få, og det er den som har forma meg til den eg er i dag, men ferdig utvikla; det er eg ikkje. Eg må nyte denne tida og gjere mest ut av den, før eg for alvor må begynne å tenkje på kva eg vil bli, og om eg har det som trengs. Den tid kjem.

Eg gler meg til eg kan slå meg ned med familie og ein god, fast jobb. Det betyr ikkje at eg skal sitte fast i den kvardagen resten av mitt liv. Eg vil reise masse, både lokalt i Noreg og utanlands. Eg vil at barna mine skal få ein fin oppvekst og oppleve mykje. Eg vil at dei skal kunne tenkje tilbake på oppveksten sin og ønskje det same for sine barn, og mine barnebarn.

Eg håpar at vi menneske kan ta klimakrisene på alvor, og at verda kan vere ein fin plass for alle dei neste generasjonane som kjem. Det er så mykje snakk om når verda skal gå under, og at om vi menneske ikkje gjer noko med dette så er alt vekke om ti år. Dette trur eg ikkje på, for no må vi menneske begynne å ta tak. Det er berre ein veg det kan gå, og det er oppover.

Alle menneske fortener å sjå lyst på framtida si, for det er så mange moglegheter der ute for alle. Det finst menneske som grev ned alt mot og all viljestyrke, og opplever framtida si som eit stort svart hol. Det er så mykje glede i livet i tillegg til det vonde, og alle fortener å oppleve og føle på livsgleda.

Ein skal sjå at kvardagen blir lettare om ein er positiv, og har mål og draumar ein jobbar mot og ser fram til. Eg føler meg litt som personen Jahn Teigen syng om: Optimist, « jeg vet det går bra til sist.»

Kjeldeliste

Jahn Teigen, *Optimist*

https://www.youtube.com/watch?v=_AlM77EUEYk sett: 01.10.19

Ein lang veg igjen

Tekst: Ida Klakegg

10

Sjølv om vi bur i eit av verdas mest likestilte land, har vi fortsatt ein lang veg igjen å gå. Vi har endå ikkje full likestilling mellom kvinner og menn. Det er like mange menn som kvinner i det norske arbeidslivet. Likevel er berre ein av tre leiarar kvinner, og dei kvinnene som er leiarar tenar berre 80 prosent av det dei mannlege leiarane gjer. Lønnsforskjellen mellom kvinner og menn blir i tillegg verre jo betre betalt jobben er. (<https://www.bt.no>)

Menn tenar i gjennomsnitt 160 000 kr meir i året enn kvinner, viser tal frå bt.no. Andre tal viser at kvinner som jobbar heiltid, tenar i gjennomsnitt 87,6 prosent av det ein mann i heiltidsjobb gjer i månaden.

Ulrikke Falch som står bak serien "F-ordet" som går på NRK, er feminist og kjempar for likestilling. Like muligheita for alle kjønner. Serien handlar om at Ulrikke vil prøve å overtyde ein vidaregåande skule om at eigentleg alle bør vere feministar.

Ho finn ut av at tre av dei fire jentene som bestemte seg for å gå bygg- og anleggsteknikk på denne vidaregåande skulen, slutta. Nokon av dei slutta fordi dei ikkje følte seg velkommen og for at dei ikkje følte seg like mykje sett som gutane, og nokon slutta fordi dei rett og slett hadde valt feil. Ho finn også ut av at det går to gutar på linja helse og oppvekst og to gutar på linja design og handtverk. Dei gutane som har valt utradisjonelt her, har fått både gode og dårlege tilbakemeldingar. Ein av gutane har for eksempel blitt kalla homo og andre skjellsord. Eg trur at viss det blir fleire og fleire som torer å velje utradisjonelt, så blir det meir normalisert og lettare for dei som vil velje utradisjonelt.

I følgje statistikken til utdanning.no, er berre ein prosent av alle tømrrarar og anleggsmaskinførarar kvinner, og berre tolv prosent av alle helsefagarbeidarar er menn. Dette er svært oppsiktsvekkande tal, og det må vi gjere noko med.

Eg trur at det er bra med eit stort mangfald i dei forskjellige yrka. Sjølv om eg meiner at både kvinner og menn har det same å tilby i alle jobbar berre dei bestemmer seg for det, er det uansett bra med eit mangfald. Kvinner og menn kan nemleg tenkje ulikt i nokon situasjonar.

Behovet for arbeidskraft innan bygg og anlegg er sterkt aukande og ser ut til å fortsette å auke. Bygg og anlegg er ei evigheitsnæring. Vi skal fortsette å bygge vegar og hus i mange år framover. I denne bransjen er du nesten sikra jobb uansett. Derfor er det lurt å gå bygg og anlegg.

I AF gruppen, eit stort entreprenørfirma i Norge, har omtrent 380 kvinnelege tilsette. I tillegg ønsker dei å doble talet på kvinner. Dette er bra, og vi er allereie godt på veg. Det er mange fleire jenter i anleggsbransjen no enn kva det var for 20 år sidan. Likevel har vi ein lang veg igjen å gå.

I Jølster har vi tre store entreprenørfirma, Ottar Dvergdal AS, Jostein Sunde AS og Stein Arne Sunde AS. Ottar Dvergdal har omtrent 45 tilsette. Berre menn i det praktiske arbeidet, og to kvinner på kontor. Stein Arne Sunde AS og Jostein Sunde AS, har begge omtrent 20 tilsette. Alle er menn.

Eg ser for meg eit framtidig yrke i anleggsbransjen. Anleggsingeniør er det eg ser for meg no, men eg er ikkje heilt sikker. Derfor er det lurt for meg å gå linja bygg- og anleggsteknikk på vidaregåande. Likevel vinglar eg mellom det og studie. Eg er ikkje heilt sikker.

Eg trur ein av grunnane til at eg ikkje vil velje bygg og anlegg, er på grunn av at det er så få jenter der. Eg ser ikkje for meg å gå i ein stor klasse å vere den einaste jenta. Her på Skei skule er vi jo fjorten jenter og fire gutar i klassen. Derfor ser eg på det som ein stor kontrast å begynne i ein klasse der det er heilt omvendt.

Men dette er jo ikkje ein god grunn til at eg ikkje skal gå bygg og anlegg. Det veit eg, men eg synst likevel det er van-



Dei to jentene som står bak elevtekstane. Emma Førde og Ida Klakegg. Foto: Einar Gautefall.

skeleg. Å begynne på ein ny skule, i ein heilt ny klasse, der eg ikkje kjenner nokon. Derfor er det lettaste å gå studie på Sandane, fordi der kjenner eg jo allereie så mange. Samtidig vil eg ikkje la alle desse tinga stoppe med frå å gjere det eg eigentleg har lyst til.

Ein anna grunn til at eg er litt usikker på bygg og anlegg, er fordi eg veit at det fortsatt er folk som meiner at jenter ikkje passar inn i bygg- og anleggsbransjen. Dei fleste er jo greie og tenker ikkje så mykje på det, men det finst fortsatt folk som har tankegongen sin mange hundre år tilbake i tid. Både gutar og jenter. Dette legg eg ofte merke til. Folk

som meiner at jenter skal stå på kjøkkenet å lage mat, mens gutane skal gjere alt anna av praktisk arbeid ute.

Eg synst det er synd at nokon tenkjer slik. Kva er forskjellen på jente og gut når du sit inne i ei gravemaskin og grev? Det har med interesse å gjere. Dei som vil lære å køyre gravemaskin lærer det, uansett kjønn. Det finst jo nokon unntak med lærevanskar osv. men det har etter mi meining ingenting med kjønn å gjere. Vil du lære å køyre gravemaskin, blir du mest sannsynleg betre enn viss du ikkje vil. Og jo tidlegare du begynner, jo betre blir du. Det er det mange her i Jølster som er levande bevis på. Dessverre flest gutar.



OKTOBER
14

FØRSTE VINTERDAG

14. oktober er første vinterdag. Er det snø denne dagen, vert det ein fin vinter.



JANUAR
6

13. DAG JUL

Det vêret som er 13. dag jul, skal det bli i ti veker framover.

WWW.ISTAND.NO TLF.: 45 00 47 00



iSTAND

Håvard i Svingen

– på veg mot toppen

Tekst: Jan Asle Bolset. Foto: Hallstein Dvergsdal og privat



Håvard i sitt rette miljø, heime på Klakegg. Faren Hallvard (t.v.) og onkel Svein har vore gode støttespelarar for idrettstalented.

På Klakegg, i Svingen, under majestetiske Bolsetnipa bur Håvard Klakegg. Han er eit stortalent i friidrett og motbakkeløp.

Lett som ei fjør i kroppen og godt trent som han er etter å ha sprunge etter geiter i Våtedalen frå han var ganske so ung. Fødd i 2002 og 17 år gamal, har han allereie gjort det godt i fleire prestisjeløp. I nasjonal samanheng er han høgt rangert i sin årsklasse i fleire konkurransar. Sist no i motbakkeløpet Stoltzekleiven opp i Bergen vart han nr 2 i sin klasse, gutar 15-17 år, på tida 9,53. Berre to sekund unda sigeren. Vi har teke ein prat med Håvard for å få vite litt meir om løpartalented frå Klakegg.

KonkurransEinstinktet i orden

Vi møter ein ungdom med føtene godt planta på bøane på Klakegg. Han fekk tidleg høve til å vere med på sauesanking og å gå etter geitene til onkelen, Svein. Slik vart interessa for å gå i fjellet utvikla. Som 11-åring sette han seg som mål at tidene som faren Hallvard og onkelen Svein hadde frå Sørntunet til Klakeggstøylen skulle slåast. Noko han då også greidde det året. Med eit godt utvikla konkurranseinstinkt, og god støtte frå faren Hallvard som trenar, har resultatata vore svært gode.

Håvard går andre året på idrettslinja på Firda Gymnas på Sandane. Han bur heime på Klakegg og nyttar naturen sine eigne treningsløyper. Råka til Klakeggstøylen, og Fossheimsdalen sitt opne og flotte terreng, er faste turar. I tillegg er den nye flotte friidrettsbana på Skei Stadion mykje brukt.

Noko av det viktigaste med å bu heime er den gode maten til ho mor seier Håvard. Den må han nyte godt no når han neste år tek til på siste året på gymnaset. Etter 3 år på Sandane går nok vegen til Bergen eller Oslo, der det er Høgskulen som er målet.

Dess lenger dess betre

Fram til no har det vorte satsa både på motbakkeløp og baneløp. Tida for å måtte velge mellom dei to sportane nærmar seg fortel Håvard. I løpet av eit par års tid lyt avgjerda takast. Sjølv om han tykkjer motbakkeløpa er det aller kjekkaste, lyt ein sjå både på resultatata og kva ein lystar mest når ein skal bestemme seg seier han.

På løpebana er det langdistanse som tel, 5000 meter og oppover. Dess lenger dess betre for Håvard, som har ein lett kropp og ein alvorleg god kondisjon. I junior NM vart han nr 11 på 5000. Eit godt resultat blant dei gode juniorane, som alle satsar beinhardt.



Løpsmaskina frå Klakegg har samla i hop ei imponerende premiesamling, trass i sin unge alder.



I haust debuterte Håvard som hjortejeger, og fangst vart det.

Det siste året har det vorte delteke i so mange som 20-25 konkurransar. Dette er nasjonale stemne og motbakkelerp som går føre seg til dels godt utanfor fylket sine grenser. Då vi vitja Svingen i oktober, var det førebuing til årets siste konkurranse, NM i terrengløp, som skulle gå føre seg i Oslo og Frognerparken.

Førebiletet som trenar

Fram til sommaren i år er det faren Hallvard som har hatt rolla som trenar. No er det Eivind Øygard som har teke over og lagar opplegget som skal hjelpe den unge klakeggaren vidare mot målet, som er norgestoppen, anten på langdistanselerp eller motbakkelerp.

Jølstringen Eivind Øygard, som er oppvaksen i Stardalen, er sjølv heilt i norgestoppen på langdistanse. Han har dessutan sprunge EM i terrengløp med det norske flagget på brystet. Å få det store førebiletet frå Stardalen som trenar og mentor er nok viktig for utviklinga til Håvard framover.

Livet er meir enn trening

Sjølv om konkurransesesongen no snart er over vert det ikkje lagt opp til noko vinterdvale akkurat. 8-10 økter i veka med 100-120 km under skoa er det som må til for løfte seg og få utvikling til neste sesong.



Håvard på veg opp Stolzekleiven tidlegare i haust.

Frå no av blir det Eivind Øygard som skal trene Håvard. Her frå sparebankleikane på Byrkjelo i fjor då Håvard sprang 3000 m med Eivind som hare for å kvalifisere seg til junior NM.



Livet lyt vere meir enn trening og idrett. Håvard har teke jaktprøve, og i haust skaut han sin fyrste hjort. Med all hjorten som luskar rundt bøane på Klakegg vert det nok fleire.

Kvar måndag og annankvar helg er han å finne bak kassa-apparatet på Skei Servicesenter.

Når det kjem til festing og den slags innrømmer Håvard at det vert det lite av, men han har ikkje problem med å vere sosial av seg av den grunn. Ein kvikk klakeggar med godt humør glir nok fint inn i i dei fleste samanhengar vil vi tru.

Skal heim

Håvard Klakegg er målbevisst og har planane klare. Med god støtte frå mor og far heime og førebiletet Eivind Øygard som trenar er ambisjonane høge. Jølster har fleire ungdomar som utmerkar seg heilt i landstoppen i fleire idrettar. Dette er nok ikkje tilfeldig. Håvard legg ikkje skjul på at han er prega av naturen, fjella og ein allsidig oppvekst på Klakegg. Når tida kjem og han skal setje bu ein gong i framtida er det berre eit alternativ seier han. Han skal tilbake til Jølster og Klakegg.

Vi ynskjer lukke til med satsinga mot norgestoppen. For dei som vil freiste å strekke seg etter Håvard sin rekord frå Sørntunet til Klakeggstøyle er tida 16,35 min. Lukke til.

Astrup – Flammen over Jølster

Tekst Bjørn Førde. Foto: Hallstein Dvergsdal



Digitaliseringsminister Nikolai Astrup er ein fjern slektning av målareren og var til stades under filmpremieren på Skei i haust. Der fekk han møte einaste attlevande barn av kunstnaren, også han med namnet Nikolai Astrup.

Som dei aller fleste veit hadde filmen om Nikolai Astrup, «Flammen over Jølster» premiere i haust. Film vart svært godt motteken og var den tredje mest sette filmen i Noreg, første veka etter kinopremieren. Her fortel ein av dei medverkande, Bjørn Førde, om korleis han opplevde filmminnspeilinga.

Mitt første møte med Astrup og Astruptunet var ein søndag i småskulealder. Dei vaksne skulle vel sjå på hus, tun og gjerne utsikt til motiv for Astrup sine måleri – kva visste eg? Eg var meir oppteken av ei vøle med rabarbra eg fann borti bakken. Dei var fleire og større enn dei vi hadde i eplehagen bortom elva heime i Førds.

Møtte manusforfattar

Dei var sikkert søtare på smak òg. Plantane laut få stå – eg fekk ikkje lov å røyve dei.

Seinare har eg vore i Astruptunet fleire gongar, både i skulen sin og i eigen regi. Eg har fleire av Astrup sine måleri



Bjørn Førde og Reidun Støfring. Foto privat.

– kopiar rett nok – på veggjen heime. Eg har lese og høyrte om Nikolai og Engel, familien og levekåra deira, men nokon «Astrup-kjennar» er eg ikkje.

Mitt første møte med Astrup – Flammen over Jølster var om bord i ei 14-fots plastjolle på Breimsvatnet ein fredag i fjor sommar. Manusforfattar Karl Johan Paulsen tok kontakt per telefon og spurde om eg ville lese inn forteljaren



15

Innspeiling av scena om jonsokbålet på Ålhus. Mange statistar brukte mykje tid på denne og andre scener.

Anton Fond si rolle på jølstramål. I god «Enok frå Anno»-ånd, takka eg ja.

Eg visste knapt kven Anton Fond var. No fekk eg ei tjukk manusblokk i hendene. Det opna fleire kikhøl inn i både hans, Astrup-familien og andre jølstringar sine liv. Både i lykkerus, sorg, glede og sinne.

I kva grad innlesinga og stemningane var til hjelp for Dennis Storhøi, veit eg ikkje. Han takka i alle fall for bidraget og var etter mi meining god jølstring i filmen.

Dansken gjekk dårleg

Verre gjekk det då eg skulle lese inn litt av Nikolai Astrup sin tekst på «jølstradansk». Etter nokre få lydfiler, fekk eg vite at Thure Lindhardt berre vart forvirra, både av språk og tonefall. Det skjønner eg i grunnen godt, for mine evner i denne språksjangeren er skrале greier!

Eg fekk nok sparken, for etter dette vart det heilt stille. Stille heilt til i haust. Då fekk eg vere med Reidun «Engel» Støfring i lydstudio i Førde for å legge stemmer på nokre scenebilder i filmen. Spannande saker! Med live kontakt og direksjon på øyret frå Pål Øye i Oslo, las vi inn stemmer som deretter vart lagde rett inn i handlinga. Vi fekk høyre resultatet der og då. Tøft!

Filmene har eg sett og høyrte til liks med mange andre. For meg ein film om lidenskap, kontrastar og med fleire overras-



Astruptunet tek seg fint ut med nyslegne bakkar og hus i stort sett god stand. Tunet var sjølsagt brukt til mange av scenene i filmen.

kingar. Fine naturscener og ei gripande handling. Ein ekstra nerve fordi ein såg lokale og kjende ansikt i handlinga.

Her er mange som har fått eit djupare innblikk i Astrup-familien og folka rundt dei sine liv. Her er mange som med kvar sin del har vore med i førebuinga til og handlinga i filmen.

Takk til Ingrid Søyland og Reidun Støfring, som gjorde at eg òg fekk vere med!

Ingen hinder i vege for Jakob Slåtten

Tekst: Anne Cecilie Kapstad
Foto: Hallstein Dvergsdal, Marianne Slåtten og Trygve Feidje Mjelde



Jakob i fint driv over hekkane på «treningsbana» nedanfor Jølster Skisenter.

16

Ein sein ettermiddag i september var eg ute og lufta hunden, og vi gjekk rett gjennom treningsløypa til Vassenden sitt nye idrettstalent, Jakob Slåtten.

Hunden måtte fint finne seg i ein pause på turen. Å sjå vakker sprintteknikk, utført med det drivet som er i stega til Jakob, er ikkje dagleg kost å oppleve når du er ute og labbar på ein avsidesliggande grusveg i bygda.

Naturstridig

Etter å ha lufta hund i 10 år har eg møtt på mange joggarar og løparar som slentrar langs grøftkantane. Fram til denne kvelden har eg hatt til gode å treffe på ein ungdomskulelev, som med stor intensitet trena raske intervallar. Mutters åleine sprang han draga sine som om han hadde dei argaste konkurrentane som «Skybertar» i løpebana ved sida av seg. Synet av raske steg over bakken fungerte som ein liten hjarstartar for ein gamal sprintar, som meg.

I friidrettens verd er det å vere ein uthaldande og seig langdistanseløpar om lag synonymt med den grønne Jølsterdrakta. Slik var det den gong eg sjølv heldt på med sprint på 80- og 90- talet, og slik er det enno. Jakob er like mykje outsider i dag som eg var det den gong. Frå ei grend som verken på då, eller no, har ei einaste løpebane å trene på. Ikkje ein gong ei einaste merka stripe med ein einsleg 60-meter eksisterer! Han er frå ein del av kommunen som tilbyr friidrettsutøvarane trening på gamle fotballbaner, i slitne gym-salar og på grusveggar med slagholer. Dette har likevel ikkje vore til hinder for at Jakob allereie som 14- åring hausta sin første krinsrekord i den teknisk vanskelege øvinga som korthekk er. På tida 11.25 flaug han over 8 hekkar på 80 meters distanse. For dei fleste av oss andre er det den tida vi brukar på å reise oss frå godstolen og gå over parketten for å hente oss ein kopp kaffi frå traktaren.

Allsidig talent

Jakob har ein allsidig idrettsbakgrunn med seg inn i satsinga



Det har blitt mange stemne allereie og fleire blir det. Her på toppen av pallen etter B-finalen på 80 meter under Världssingdomsspielen på Ullevi i Göteborg Ullevi sist sommar. Foto: Marianne Slåtten.

på sprint og hekkeløp. Vi har sett han i fotballdrakta, på handballbana, på turar i fjella både med og utan ski, på karusellrenn i lysløypene og i fartsdress i Jølster Skisenter. Eg trur Jakob er den type ungdom som har idretten medfødd i kroppen, og som blir god i det han måtte slenge seg med på. Jølster har både miljø og anlegg for mange idrettar. Kvifor valde Jakob likevel idrett og disiplin, som berre eksisterer mange mil frå stovedøra hans? Jakob sjølv forklarar dette enkelt. Han hugsar nøyaktig den augneblinken der han bestemte seg for kva han skulle satse på. Det var det året han deltok på Framolekene i Bergen, og tok ein 3. plass på hekkeløp. Å kome frå ein liten plass, og gjere det godt på eit så stort stemne i Bergen, vart ein «trigger». Og når det i etterkant kom fleire gode resultat på store stemne, med besøk opp på pallen, var det gjort.

Warholm som idol

Vi kjenner alle til Jakob Ingebrigtsen, som har vore stortalent og løpar frå han var liten gut. Men det er ikkje namnebroren «vår» raske Jakob ser mest opp til. Berre namnet til hekkeløparen frå ei anna lita vestlandsbygd, Karsten Warholm, gir unge Slåtten glans av energi i auga.

– Eg ser på løpa hans, samanliknar mine løp med hans løp. Lærer av teknikken hans, og ser korleis han gjer ting. Han er heilt rå på å halde ut 400 meter med hekk! Få klarar det han klarar. Å stå heile løpet slik han gjer.

På spørsmål til Jakob om han trur han sjølv kan bli den nye Warholm er det tydeleg at han er fullblods jølstring og litt beskjeden sunnfjording. Han byrjar forsiktig med å sei at han ikkje har tenkt så langt. Ombestemmer seg, og seier

vidare at han rett og slett ikkje vågar å tenke så langt. Han vil ta eit steg av gongen, og skal først og fremst konsentrere seg om å ta den nasjonale aldersrekorden i si klasse på 100 meter hekk. Den glippa med ørsmå 19 hundredelar i 2019 på 80 meter hekk. Det er tydeleg at den rekorden skal heim til Jølster i 2020, mens Jakob Slåtten sitt namn skal stå att i resultatlistene i ei norsk rekordbok som landets raskaste 15-åring gjennom tidene på distansen.

Turn og friidrett

I førebuingane til sesongen 2020 er det turn og friidrett som er på treningsprogrammet. Han meiner at det å halde fram med turn vert viktig for prestasjonane på friidrettsarenaen. Turn gjer han både sterk og smidig, og han lærer mykje om tøyning. Dette er viktige treningselement som han får nytte av for å bli betre som hekkeløpar. Sju dagar i veka året rundt er han i treningskledda, og fortel om eit variert og allsidig treningsinnhald. Under treningane vert han filma slik at han og trenaren kan studere teknikken over hekkpasseringane, og bruke filmen som finpussing på detaljar.

Det blir mange timar i rutebussane, eller i bilen saman med mora Marianne. Det er ho som køyrer han over alt for å trene og konkurrere. På spørsmål om kven som har betydd mest for at han har utvikla seg til å bli så god, kjem svaret om lag før spørsmålet er stilt. «Mamma! Det hadde ikkje blitt noko utan mamma! Ho gjer alt for meg.» For å få gode nok treningstillhøve, og eit treningsmiljø som kan utfordre han godt nok, må han reise minst ein gang i veka til Byrkjelo eller Sandane. I Førde er heller ikkje miljøet stort nok for å få den «matchinga» han treng. Dei største



Her er det full fart over hekkane under Lerøyleikane i sommar. Foto: Trygve Feidje Mjelde.

18

utfordringane er manglande treningsanlegg, og det å finne nokon å ha kvardagstrening med. Nokon som kan gi han den motstanden og konkurranse på trening som han må ha for å strekke og utvikle seg. Eg veit kva Jakob snakkar om. Eg har sjølv hatt år med sprintøktar åleine, og har erfart kor mykje meir effekt det er for kroppen og «skallen» å trene saman med andre. Å springe skulder ved skulder med ein som evnar å presse og drive deg fram betyr mykje for å utvikle seg. Sprint er individuell idrett. Men det trengs arbeid i team med andre i løpebana ved sidan av for å få det ekstra som trengs for å bli best.

Trenar frå Breimsbygda

Framover skal Jakob trene på det som er blitt Warholm sitt varemerke. Kunsten å halde ut med full gass over alle hekkar gjennom heile løpet. Neste år skal han ta steget frå 80 meter til 100 meter, og bli stabil på å halde den distansen. Når han vert enno litt eldre ventar distansane 200 og 300



Denne treningsbana hadde Jakob på ein traktorveg på oppsida av tunet heime. 30. juli kom raset som øydela den.

meter i same disiplin. I tillegg til hekkeløp skal han springe vanlige sprintdistansar. Først når han vert junior- og seniorløpar får han prøve seg på det som ofte vert omtala som «dødens distanse»; 400 meter både med og utan hekk. Jakob er tydeleg på at treninga han gjer som ung, som å halde tempo høgt som korthekk-løpar, er viktig for å gi han grunnlaget for korleis han står ut ein 400 meter når han vert eldre.

Jakob synes det er litt vanskelig å svare på kvifor han er blitt så god på hekkeløp. Han trur at mykje trening og ein god trenar har mykje å sei samt at det er direkte moro å få fyke over hekkane. Jakob sin trenar bur på Byrkjelo og heiter Reidar Moldestad. Han er opptatt av at løparane skal ha eit godt treningsmiljø og ha det kjekt saman på trening. Han legg treningane sine opp til å vere både lek og moro, der utøvarane gradvis får utfordring saman i ei gruppe som «pushar» kvarandre. Han skildrar Jakob som ein utøvar med stort fysisk talent, og med ei heilt eiga evne til å vere tøff, rå og uredde.

– Han har det som trengs av is i hovudet og han toler å få litt juling, seier han om jølstringen. Moldestad såg tidleg at guten hadde eksepsjonelt talent for hekkeløp, og har freista å hjelpe til så godt han kan med sin kunnskap om idretten. Trenaren i Breim meiner at det ikkje er noko hinder i vegen for Jakob, og at han kan nå så langt berre Jakob sjølv vil. Moldestad skildrar han som ein positiv utøvar å ha på trening. Ein treningsvillig og ivrig kar som alltid smiler, og som deltek sosialt som både miljøbyggar og humørspreiar. Det trenaren er mest bekymra for er at guten strevar litt med å ta seg tid til å få nok restitusjon og kvile.

Verdas raskaste Jølstring

Tilbake til grusvegen der hunden og eg hamna midt inni treningsløypa til Jakob. Her, i krysset under Jølster Skisen-



Rektor måtte nok bite i graset for den lynraske eleven sin.

ter der vegane går i tre retningar, hadde eg sjølv mange av mine treningsøktar på 80-90 talet. Grusen her er perfekt for raske løp. Litt hard og tettpakka utan for mykje stein og lausgrus. På same måte som eg gjorde det i si tid, på same staden, hastar Jakob fram og attende. Grønfargen på jakka hans er likeeins som mi var det. Den største synlige forskjellen er nok at han har litt lettare øyrepluggar, og slepp å drasse på ein stor gul walkman med ein kassett i. Ein mykje viktigare skilnad er at han har norske friidrettsheltar å sjå opp til. Det eksisterte ikkje i mi tid, vi beundra Carl Lewis og enkelte andre amerikanske løparar som seinare har blitt tatt i doping.

Intervjuet måtte sjølvsagt finne stad på vår felles «treningsanlegg» under skisenteret. Med joggesko og treningsklede på oss begge. Eg har etter 25 års pause lite att av «skillsa» mine som sprintar. Det meste har fordufta inn i seige sommarturar på fjellet med store sekkar, og med tunge ski på beina i vinterfjellet. Likevel våga eg meg på å utfordre han til å springe eit par korte raske sprintduellar mot meg. Eg var vel vitande om at eg er midt i 40 åra, og at dette kunne vere med helsa som innsats. Og sjølvsagt visste eg allereie på startstreken at eg kom til å bli skikkelig «grusa». Og det blei eg og. Kvifor vil eit gamalt konkurransemenneske å utsetje seg for dette då, tenkjer du med rette.

Svaret er lett. Eg er garantert den einaste sprint-veteranen frå Jølster som har våga meg på ein duell med den som kan kalle seg verdas raskaste jølstring. Eg fekk ein gyllen sjanse til å springe mot Jakob. Ein av landets raskaste ungdommar. Ein med stort talent, og som i følgje trenaren ikkje har noko hinder i vegen for å bli nasjonens nye Warholm. Mykje ligg til rette for at eg på grusvegen denne dagen har sprunge mot han som vert verdas raskaste mann om 5-10 år. Mykje ligg med andre ord godt til rette for at eg i framtid

da kan fortelje mange gode skrytehistorier frå fellesøkta på grusvegen. Og dei skal eg velvillig dele med omverda når eg følgjer med på Jakob si spanande sportslege reise framover!

 **sparebanken**
sogn og fjordane

#dagsturhytta

Denne hytta er di!

Med overskotet til Sparebanken Sogn og Fjordane er det kome opp 26 hytter rundt om kring i heile Sogn og Fjordane. Takk til alle som har bidrege til å få hyttene på plass.

Vi ønskjer deg ei flott turoppleving!

Den korte vegen til turglede

 **Dagsturhytta**

Grunn til panikk!

- eller isje?

Tekst: Ingrid Gulbrandsen Årdal, masterstudent i nordisk språk ved UiB

Det er ei vanleg sak for mange å gå ut frå at endringar i språket for det meste går føre seg i dei store sentruma, i byane. Som jølstring synest du kanskje at det er irriterande å høyre at det skjer endringar i språket også hos oss. Kanskje tenkjer du at dialekta står ganske støtt i bygda?

Samanfallet mellom sj- og kj-lyden er nok på inntog også i Jølster, og det ser ut til å skje fort. Det er nok ikkje så alt for lenge før vi «alle» seier sjino for kino. Dette er skuffande informasjon for mange jølstringar. Eg synest sjølv at det var ein irriterande (og kanskje litt deprimerande?) tanke – fram til eg byrja å studere språkendringar.

Sj-samanfallet

I denne vesle teksten skal eg fortelje dykk om korleis det står til med uttalen av kj-lyden i Jølster. Vi kallar det gjerne for sj-samanfallet når folk bruker sj-lyd der ein tradisjonelt hadde kj-lyd (til dømes seier «sjino» og «sjøkken» i staden for «kino» og «kjøkken»). Det skjer altså ei endring i kj-lyden. Korleis denne lyden høyrer ut varierer frå stad til stad. Oslofolk pratar om den same utviklinga, men deira palatable lyd hørest ulik ut. Det vil seie at den skjer lengre bak i munnen. Jølstringen sin uttale vil derimot gå føre seg lengre framme: Vi har å gjere med ein såkalla afrikat. Dette er vår kj-lyd. Den brukar ein (i alle fall eldre) jølstring i tradisjonell uttale av «kino» og «kjøtt» – altså den same lyden som i dei engelske orda «child» og «chicken». Sj-lyden er den vi nyttar i ord som «skip» og «sjampinjong», og er lik for jølstringar og austlendingar. Når eg no talar om samanfallet, har vi då med å gjere sj-lyden som erstatning for kj-lyden, altså sjøtt for tkjøtt.

Undersøkinga

I denne artikkelen vil eg dele resultatata som kom fram av den vesle talemålsundersøkinga eg gjorde i høve bacheloroppgåva mi for to år tilbake. I undersøkinga mi ville eg finne ut om samanfallet var på veg inn i bygda (Jølster) og samanlikne dette med vårt næraste bysentrum (Førde). Alle personane eg prata med var på ungdomsskulealder og likt delt i kjønn. Dei fekk ikkje kunnskap om kva undersøkinga gjekk ut på, då eg ønska å ikkje påverke språket deira. Når eg tenker meg om, så veit dei vel faktisk ikkje endå kvifor dei prata med meg om sine personlege framtidsplanar og kvardagslege gjeremål. Hyggeleg var det, i alle fall. Sjølv om det var fint å høyre om desse unge lovande sine tankar og verdihaldningar, var det mest interessante for meg å registrere førekomen av samanfallet på desse femten minutt lange intervju. Totalt snakka eg med tjuetjue informantar,



Mitt namn er Ingrid Gulbrandsen Årdal, og eg stortrivst for tida som student i Bergen by. Her held eg på med ein mastergrad i nordisk språk ved UiB og jobbar som studentmedarbeidar på UiB si kommunikasjonssavdeling. Ein del tid går sjølv sagt til å lage «Ordsifte» - eit språkprogram på Studentradioen i Bergen, og så er eg vel elles å finne med vener på konsert, kafé og ein og annan tur!

tolv frå Jølster og tolv frå Førde. Informantane frå Førde fungerte som ei såkalla referansegruppe, som kunne gi meg ein ståstad å gå ut frå til vidare samanlikning. Desse bekrefte særst hyppig bruk av -sj for -tkj. Typisk førdianarar, altså. Dei tolv resterande informantane, jølstringane frå Vassenden-området, var eg veldig spent på. Kva om alle prata med innbarka jølstramål, med den tradisjonelle uttalen av kj-lyden? Studenten i meg hadde vel vorte litt frustrert. Jølstringen i meg, derimot, hadde kanskje vorte litt letta? Såpass ærleg tillét eg meg å vere.

Jentene går føre

Som diagrammet ovanfor syner, er førekomen av samanfallet ganske høgt også i Jølster. Den første stolpen syner at sj-varianten vart brukt i ca. 94 prosent av tilfella hos førdejentene, og i ca. 81 prosent av tilfella hos førdegutane. Hypotesa om at samanfallet står sterkt i Førde verkar ut frå dette nokså korrekt. Interessant er det at jølstrajentene er

sjino sjøpe sjærlighet
 sjempe sjole sjede sjækken sjønn




Diagram 1: Totaloversikt på den gjennomsnittlege bruken av samanfallet mellom kj og sj.

oppe i ca. 90 prosent, som er høgare enn førdegutane og nesten like mykje som førdejentene. Det er gutane frå Vassenden-området som viser seg å vere mest lojale til den tradisjonelle uttalemåten i jølstramålet. Diagrammet syner altså at det er ganske store kjønnskilnader, særleg i Jølster. Men også jølstragutane er faktisk oppe i ca. 50 prosent bruk av -sj for -tkj. Dette kan underbyggje ein vanleg påstand når ein undersøker forholdet mellom språk og samfunn, nemleg at jentene oftast går føre i ein språkendringsprosess. Jentene frå begge stader hadde nokså like resultat på det gjennomsnittlege, sjølv om dei hadde innslag av individuell variasjon. Gutane viste derimot større grad av individuell variasjon, for det er ikkje slik at alle gutane frå Vassenden-området brukte samanfallet i 50 prosent av tilfella. Til dømes brukte ein av dei sj-lyden i 80 prosent av tilfella, medan ein annan brukte den i 60 prosent av tilfella. Av alle ungdomane eg prata med var det berre ein gut (frå Vassenden-området) som hadde utprega tradisjonell uttale av kj-lyden. Blant før-

degutane var det også individuell variasjon, men personen med lågast førekomst av sj-lyden nytta den i 30 prosent av tilfella.

Språkleg endring: Kvifor og korleis?

Det er komplisert å forklare kvifor språkendingar skjer. Det let seg sjeldan gjere å knytte ei bestemt årsak til ei bestemt språkleg endring: Det eine heng gjerne saman med det andre. Såleis vil det vere ulike faktorar, eller drivkrefter, som spelar inn på ulike endringar, og ulike faktorar kan spele inn samstundes. Lyden det er snakk om er etter alt å døme i ferd med å vinne terreng også i Jølster, og eg har ikkje noko fasitsvar på kvifor eller korleis dette skjer. Men eg har sjølv sagt gjort meg nokre tankar. Éin ting som i alle fall er sikkert, er at det er i språk som i alt anna: Ei endring må starte ein stad. Prosessen innan eit språksamfunn byrjar med individuell innovasjon, altså at ein språkbrukar uttaler noko på ein ny måte. Deretter fortset den ved at uttalemåten spreier

seg til eit anna individ. Slik kan det halde fram heilt til alle i språksamfunnet nyttar seg av den same uttalemåten.

For å trekke fram nokre potensielle drivkrefter for denne tilsynelatande pågåande språkendinga, vil eg nemne nokre sentrale faktorar. Det skal ikkje banebrytande forskning til for å påstå at språket heng saman med den einskilde person sin identitet. Språket er ein sentral identitetsmarkør ved at vi nyttar det på den måten vi ønsker for å uttrykke oss. Vi kan prate på ein måte som gjer at vi anten distanserer oss frå, eller skapar større nærleik til, visse grupper eller menneske. Identifiseringsfunksjonen til språket – saman med prestisje, skriftmål og massemedia – spelar ofte ei viktig rolle i ein språkendringsprosess. Også kulturendringar i samfunnet matar fram behov for nye ord. Til dømes vil det gamle bondesamfunnet ha behov for ulike ord knytt til arbeidet dei utførte då, enn orda dei nyttar for å omtale arbeidet dei utfører no. Nye ord kjem inn og eldre ord forsvinn, noko som også kan gjelde lydane. Desse kan kome inn i språket som mote og gi spesielle assosiasjonar, som til dømes «kulare» språk.

Det at eit enkeltindivid tek i bruk ein ny språkleg vane kan ikkje åleine reknast som ei språk- eller dialektending, ettersom den jo kan stoppe der. Ein kan ikkje prate om ei faktisk endring før den aktuelle språkvanen har gått over frå det individuelle til det kollektive. Når språkdraget i eit språksamfunn hoppar over til eit anna, kan vi tale om geografisk spreining. Aktuelle spreingsmønster forklarast gjerne med to ulike modellar. Den såkalla sprangmodellen har sitt utgangspunkt i at sentrumssamfunn har betre vilkår for å ta i mot nye språklege drag. Den understrekar gjerne korleis eit drag spreier seg «i hopp» frå sentrum til sentrum. Ei anna forklaring poengterast med den såkalla bølgeomodellen, altså at språkdraget spreier seg i ringar ut frå den opphavlege staden, liksom bølger i vatnet. Når det gjeld sj-samanfallet, ser det ut til å vere døme på sprangmodellen, sidan den er meir brukt i Førde enn i Jølster. Kor lenge det held seg slik, er jo interessant å følge med på.

Korleis lyden vert produsert kan vere eit sentralt aspekt i denne samanhengen. Det som er interessant, er at vår kj-lyd – i motsetnad til austlendingen sin – i utgangspunktet kan tenkast å vere meir motstandsdyktig. Den krev, reint fysisk, meir av språkbrukaren. Dette handlar om korleis lyden vert produsert i munnen og posisjonen til tunga før og etter ulike

ord i ei setning. Til dømes var det eit gjentakande mønster i undersøkinga: Såkalla samantrekningar hadde ofte lyden -sj i staden for -tkj. Dette er altså ord som «hakje» (har ikkje), «ekje» (er ikkje) og «trukje» (trur ikkje). Når ungdomane brukte desse orda, var dei ganske samstemde i bruken av samanfallet. Når lyden derimot kom i byrjinga av eit ord som «kjemperart», var den tradisjonelle uttalen oftare til stades.

Korrekt språkbruk – i hermeteikn

Kvifor skal eigentleg den berømte kj-lyden, som er på frammarsj i alle krikar og krokar av Noreg, stå støtt i Jølster? Ikkje hon om vi skal la dialekta vår forfalle til fordel for byfolk-uttale. Men er det språkleg forfall vi har med å gjere? Eller har vi med å gjere språkleg utvikling? Skal ein seie at språkleg utvikling er lik språkleg forfall? I dag tenker vi ikkje på eldre språkutviklingar som har gått føre seg. Det er altså ikkje så utenkeleg at i framtida vil det vere ytst få som brukar den tradisjonelle uttalen av kj-lyden – også i bygder som Jølster. Å lære ungdomen 'rett språk' er etter alt å døme ei tapt sak. På eit eller anna tidspunkt vert nok den tradisjonelle uttalen forlate med historia.

Du får kanskje litt panikk over at lyden er på veg ut. Då kan eg jo trøyste deg med, eller ikkje, at det nok er ei naturleg språkending. Når det er sagt, treng du ikkje å like det. Eg berre seier at du kan gjere deg sjølv ei teneste ved å akseptere det. Du har sjølv sagt framleis rett til å tenkje at den tradisjonelle realiseringa av kj-lyden er finast og håpe at den på magisk vis kan gjere sitt inntog att – det gjer eg sjølv også (men det har eg ikkje sagt).

Som jølstring kan det godt hende at du sukkar når du les dette. Det kan eg godt forstå, utan å måtte legge til store mengder godvilje. Samstundes kjenner eg på ein viss sympati for desse ungdomane. Alle eg prata med under desse intervjuar verka som flotte unge menneske. Dei verka kanskje også i overkant pliktoppfyllande. Ein vanleg moralsk peikefinger seier at livet er fullt av ting ein likar og ikkje likar, og mange av dei tinga ein ikkje likar, må ein rett og slett lære seg å leve med. Kanskje dette også gjeld kj-lyden som er så sentral for jølstramålet? Det er mogleg at eg er heilt på bærtur – ja, kanskje heile vegen opp til Kupinje – som luftar dette spørsmålet. Men lyden skal vel til sjuande og sist kjennes rett ut for språkbrukaren sjølv.



kino kjempe
kjole kjøpe
kjede kjøpe
kjærlighet
kjøkken kjønn

«Pennalfabrikken i Jølster»

Brødrene Eikås Trevareindustri 1927 – 1959

Tekst: Lars Fjell, litt omarbeidd av Aina Gamborg. Foto utlånte av Heidi Fluge



Luftfoto som syner Fluge og pennalfabrikken, lengst bak til høgre. Foto: privat.

Denne særmerkte verksemda, som ei tid leverte varer til firma frå Narvik i nord, til Fredrikstad i sør, er no blitt historie.

Spør ein dei som veks opp i dag, så er det vel få som har høyrte giete den. Men treffer du eldre folk, og då serleg frå Eikås og Vassenden, så får dei ein ekstra blenk i augo, og veit mykje å fortelje.

Den første av sitt slag i landet

Fabrikken var ikkje berre kjend som ein av dei første i Jølster, ja i Sunnfjord med. Den vart kjend over heile landet med artiklar i bladet Magne og Nynorsk Vekeblad.

På folkemunne var det «Pennalfabrikken» som var brukt. Pennal er ei forkorting av pennalhus, eller om ein går lenger attende, greffellhus, i den tid dei bruka greffel å skrive med. Det var pennalhus dei først tok til å produsere, og det vart difor naturleg å bruke «Pennalfabrikken» om verksemda.

Eit pennalhus var eit trestykke på kring 25x5x5 cm, som vart grave ut, slik at det vart plass til blyant, penn, viskelær

m.m. Eit skyvelok vart laga over holrommet, slik at skrivesakene var lett å halda saman. Og det var sjølvsagt at når ein tok til i skulen, så fekk ein seg pennalhus. Seinare produserte verksemda ei rekkje produkt, etter kvart som det kom spurnad etter nye produkt.

Det var lærar Kristian Eikås som fekk ideen til å starte fabrikk. Han undra seg på kvifor han fekk utanlandske pennalhus og penneskift til elevane. Han skreiv til Utanriksdepartementet om dette, og fekk til svar at det ikkje fanst fabrikk i Noreg som laga dette. Kristian tala så med broren Bertel om dette, han var ein mykje hendig og maskininteressert mann. Bertel konstruerte ei maskin til å lage desse tinga, og dermed var «Pennalfabrikken» i gang.

To bondegutar

Brørne Eikås var bondegutar på Eikås. Det var Bertel og Kristian. Dei synte tidleg uvanleg store evner og interesse for å skape ting, og då på kvar sine område. I «snikkarstova» på garden, fekk dei og sjå gamlekarane skape ting, og dei var tidleg ute med å prøve sjølve.



Bertel Eikås i sving i fabrikk. Foto: Foto privat.

Bertel var mest interessert i smed- og trearbeid. I 12 – 13 års alderen tok han til å lage stolar, nøtsteknekkjarar og ymse andre ting, og spesielt var han interessert i maskiner som kunne vera til hjelp med å lage slike ting. Det var difor naturleg, at så snart han vart gamal nok, søkte han seg arbeid hjå J.J. Klakegg i Førde, som då hadde bygt nytt og etter den tid stort og tidhøveleg butikk- og verkstadlokale. Det er same lokalet som firmaet Klakeggs Tekstil framleis held til i , ved Jølstra i Førde. (*red.mrk.: opphavleg artikkel er frå 1989.)

J.J. Klakegg hadde drive litt i det små på Klakegg, med reparaasjonar av sykklar og ymse andre ting. Men mest var han nok kjend som sjølvlærd klokke- og smedemakar. Han flytta til Førde til dei nye romslege lokala, og kunne då taka imot reparaasjonar av alt frå klokker, sykklar, landbruksmaskiner til motorsykklar og bilar, som då tok til å rulle på vegane.

Han fekk då bruk for allsidige og hendige folk, og det var då naturleg at Bertel vart mellom hans tilsette. «Pennalfabrikk» var då i gang, og når Bertel var ferdig med dagen i Førde, så var det å gå i gang på «Pennalfabrikk» hans. Dette kunne ikkje gå i lengda, og han slutta difor i Førde i 1929.

Kristian Eikås – mannen bak Jølster Heimyrkeskule


Kristian hadde sine store interesser og anlegg i forming og måling. Han vart utdanna lærar, og då han gjekk på skulen på Notodden, kom han i kontakt med læraren der, Finn Kraft. Desse to skulle seinare kom til å samarbeide mykje. Finn Kraft kom til Jølster, og reiste saman med brukskunst-

naren Kristian Eikås rundt i heile Jølster ei heil vike og såg på gamle møblar. Kristian, som då var lærar i Sandal i Jølster, heldt og snikkarkurs, og han hadde svert lyst til å få teikna spesielle «jølstramøblar». Finn Kraft teikna den såkalla «Jølstrastolen», og Kristian sette gutane i gang på snikkarkursa med å lage desse. Det var nok ikkje av dei aller enklaste å lage, men dei hadde ein spesiell stil, og der er framleis mange «Jølstrastolar» kring i heimane i Jølster

Kristian heldt snikkarkurs i Sandal og andre stadar frå 1947, og tenkte mykje på å få i gang kurs i «kvinnefag». Og alt i 1950 kom det i gang eit kurs for jenter på galleriet på Bedehuset på Vassenden. Kristian tenkte mykje på å få bygt ein skule for opplæring både i gute- og jente- og jentefag. Presten Kallhovd, som var ein mykje aktiv kar på mange område, var med Kristian Eikås heilt inn til Oslo og Departementet



Pennalfabrikken etter brannen i 1959. Foto: privat..



Sjølhjelpa var det mest kjende pennalhuset. På loket var det opplysningar om mål og vekt, målestav og ymse anna. Foto: Sunnfjord Museum.

for å få gehør for reising av ein Heimyrkeskule i Jølster. Men det var ikkje så lett å få gehør for dette. Han diskuterte det med Finn Kraft, som gav dette rådet: «Set i gang og bygg skule sjølve».

Omsider kom kommunen med i biletet, og grunnarbeidet med Heimyrkeskulen kom i gang i 1952, og i 1954 kom og Fylket inn i biletet.

For sitt store arbeid fekk Kristian kongens fortjenestemedalje i gull i 1973.

Frå oljedrift til elektrisk kraft

Då dei starta opp med produksjon i «Snikkarstova» på Eikås, hadde dei ein oljedriven motor til å driva den fresen som Bertel Eikås hadde laga, for produksjon av pennalhus. Det var i 1927. Dei laga 3000 pennalhus første året. Men lakking og «Utsmykking» vart gjort i Sandal, der Kristian var lærar. Der var ein flink kar; «Skreddar-Andreas», eller Andreas Egge som namnet var, som dei då leigde til dette arbeidet, Seinare kom nokre av sønene hans med i arbeidet.

Det er fortalt at dei hadde 2 øre for kvart pennalhus. Det kan høyrast lite ut, men samanliknar ein med mjølkeprisen, som på den tid var kring 6 øre literen, så vart det ei god mjølkeku for den store huslyden, og ei tid då det var lite arbeid å få.

Motiva på pennalhusa var teikna av brukskunstnaren Finn Kraft og Åsmund Esvald. Kristian laga såkalla sjablon-gar etter desse motiva. Han skar dei ut på tunne papp-plater, og motiva vart så lagde på pennalhusa, og så måla dei gjennom utskjeringane. Etter det vart dei lakka.

Dette arbeidet føregjekk i det såkalla «Pennalhuset» i Sandal, som har det same namnet endå. Ein kunne sjå lys langt ut i seine nattetimar der arbeidet med å få tingingane gjort klare for sending, gjekk føre seg. Dei spara seg ikkje, korkje Kristian eller Andreas. Dette arbeidet gjekk fram til 1936, då det vart bygt nye fabrikklokale i «Flugelona», og all produksjon vart samla der. Det var både dyrt og tungvint å ha produksjonen delt. Med 15 km. avstand mellom stadane, var det og urasjonelt i lengda.

Over til elektrisk kraft

Etter at den nye fabrikkbygningen i «Flugelona» vart bygt i 1936, og dei fekk samla alt arbeidet under eit tak, så auka etterspurnaden, og dei laga etter kvart penneskaft, pennalhus, kastepilar, linjalar, og då krigen kom, og det vart lite med metall, kom spørsmålet etter lepestiftthylser. Og dei laga mange millionar av desse gjennom åra. Det vart også laga borddiskar. Det var dreia tallerken, eller skål-liknande ting i ymse former og storleikar.

Det vart nå klårt at det måtte elektrisk kraft til. Dei vende seg då til Magnus Årdal, som hadde bygt elektrisitetsverk i Årdal i Jølster og elles var rekna for ein tusenkunstnar med å få til det han ville. Dei bygde då eit lite elektrisitetsverk i 1939 i eit kvernfall på Fluge, ikkje langt frå der Jølstraholmen er. Sjølv om kraftverket var så lite at dei ikkje kunne ha alle maskinene i gang på same tid, så var dette eit stort framsteg. Det var nok det som hjalp til å halde hjula i gang under krigen, då det var lite olje å få.


No var det 5 – 6 mann i arbeid, og dei laga 50 000 pennalhus og 200 000 penneskaft for året.

Magnus Årdal var knytt til verksemda frå 1939 til 1946. Han og Bertel laga for det meste dei maskiner dei hadde bruk for og var lite med på arbeidet elles. Bertel hadde lenge gått og tenkt på korleis dei kunne lage ei pussemaskin for penneskaft. Pussinga var eit tidkrevjande og kjedeleg arbeid. Så fortalde han til Magnus korleis han hadde tenkt denne pussemaskina. Dei laga så denne maskina over ein trommel, der penneskaft vart trakt framover 4 smergelpapir-rullar i stadig finare papir, og pussinga vart nå berre ein leik.

Dette skulle vera den første og einaste maskina i landet til dette bruk.

Nytt EL-verk i Kvamsfossen i 1941/1942

Som nemnt så var el-forsyninga for liten. Bertel kjøpte eit nedlagt el-verk i Arnatveit, og han og Magnus reiste til staden og fekk flytta verket til Kvamsfossen i Jølster. Det var kome til semje med grunneigarane om fallet og stolpe-grunn, og det vart lagt ned eit stort og kostesamt arbeid med røyrgate og bygging av verket. Dynamoane vart opp-



26

Penneskaft var eitt av produkta frå pennalfabrikken. Foto: Ukjend.

attvikla og snart stod verket ferdig og leverte forutan rikeleg kraft til «Pennalfabrikken», også kraft til grunneigarane.

Men ein kjempestor haustflaum i 1942 kom og braut røyrgata og skamfor verket. Men karane gjekk på med krum hals og bygde det oppatt. Men dette vart kostesamt for Bertel, som då var eieeigar. Kristian hadde trekt seg burt frå verksemda, då han hadde meir enn nok å gjera med sine egne gjeremål.

Firmaet Småindustri i Bergen omsette ei tid mykje av varene for «Pennalfabrikken». Disponenten i firmaet heitte Lexov. Han hadde oppdaga at Bertel og Magnus kunne greie å lage mest kva dei ville. Han var det som gav dei tips om å lage leppestiftthylsene, som dei seinare laga fleire millionar av.

Lexov gav dei og gratis kurs og opplæring i Bergen, i bruk av autogensveise-apparat. Det vart og innkjøpt eit slikt til fabrikkens seinare.

Fabrikkbygningen og maskinene

Fabrikkbygningen i «Flugelona», som vart bygt i 1936, var bygt som ei stor sperrestove. Ein stor drivaksel gjekk gjennom heile fabrikkens. På akslingen var montert mange reimskiver – for det meste av tre. Og dei ymse maskinene var så kopla til drivakselen med reimdrift.

Her var to fresemaskinar til pennala, ein vanleg dreiebank, og ein til pennskafta, ei sjølvpuksande maskin til pennskafta, ei pussemaskin til pennala, ei lita bore- og fresemaskin til pennskafta, ei stemplemaskin og nokre sager.

Eit rom var avdelt for måling og lakkering. Her var ei lakkeringsgogn og eit turkehjul for pennskafta, som var konstruert slik at den gjekk sakte rundt, slik at lakken ikkje seig. Det vart i tillegg bygt eit verkstadrom med dreiebank, sager og sveiseautogen.

Eit turkeskur for bjørkematerialane vart og bygt. Likeins eit pakkerom og kontor.

Den første maskina som Bertel laga for fresing vart sett til sides då dei fekk ei ny moderne frå Tyskland. Denne fresen hadde eit turtal på 30 000 pr. minutt, og gjorde sers fint arbeid. Den gamle hadde berre 24 000. Magnus Årdal bygde om frå veksels- til likestraum, slik at dei kunne bruke den.

Lønsutvikling, organisering og streik

«Pennalfabrikken» hadde ei god utvikling framover, med aukande etterspurnad og omsetnad. Det vart skapt arbeidsplassar for unggutane kring om i grendene. Kring 1950 var 10 – 12 mann i arbeid. Løna var i 1943 0,50 pr. time, og den auka til kr. 1,85 i 1952. Men så kom det til ei lønskonflikt på slutten av 1952

Arbeidarane organiserte seg, og organisasjonen sette fram eit lønskrav på kr. 3,00 pr. time. Det vart halde forhandlingsmøte, men det kom ikkje til semje om løna, og arbeidarane var no i streik.

Eigaren Bertel fortsette no med produksjonen i mindre omfang. Av korrespondansar ser ein at han på langt nær makta å stetta etterspurnaden etter konflikten.

Ein brann ei juninatt i 1953 i el-verket skapte og vanskar og store utlegg. Men verket vart bygt oppatt, og dynamoen oppatt-vikla og verksemda var framleis i gang.

Så støytt det sjukdom til. Bertel fekk ein ulækjeleg sjukdom, og døydde i 1957. Han hadde då skøytt fabrikkens over på ein slektning. Men så kom den leie hendinga at heile fabrikkens brann ned i 1959.

Det store arbeidet som Kristian og Bertel hadde lagt ned fram gjennom åra, låg no i oske. Fabrikkens vart aldri bygt oppatt, og er nå berre soge. Men soga er eit lysande eksempel på kva folk med evner og vilje kan skape, og fabrikkens er ei lysande stjerne i Jølster si bedriftshistorie.

Kva kan vi syna fram i dag?

Velviljuge folk har gjeve litt av dei produserte tinga til oppbevaring i Lokalhistorisk arkiv i Jølster. Likeeins har ein fått inn litt bilag og korrespondansar som gjev eit lite innblikk i drifta. Ein del bilete har ein og fått inn.

Det er og særns interessant at Sverre N. Fluge som arbeidde ved fabrikkens i 9 år, og var særns godt kjend med maskinene, har grave fram or skraphaugen etter brannen ein overfres og penneskaftmaskina. Desse har han med mykje arbeid og kostnad restaurert. Han har dei nå i bruk på sin hobbyverkstad, og kan demonstrere deira allsidige bruk også i dag.

Dette er Opphavleg ein artikkel av Lars Fjell frå Jul i Sunnfjord i 1989.

Redigert av Aina Gamborg

Saueløysing i verdensklasse

Tekst: Jan Asle Bolset. Foto: Jan Asle Bolset, Jørn Inge Egge og Hilde Søgnesand



Her er det berre to utveggar. Enten let dei seg fange, eller so ber det utføre. Foto: Jørn Inge Egge.

Det vert sagt at i løpet av livet får vi alle behov for spesialhjelp i form av ein lege, prest og advokat. Vi som driv med sauer treng meir.

Vi treng ein dugande saueklyppar og av og til lyt vi ha nokon som kan berge sauer som har gått seg faste i fjellet. I Jølster er vi heldige og har fleire slike vi kan ty til.

Fryktlause menneske og toskne sauer

Vi som ikkje kjem frå Klakegg, Førø eller Søgnesand har ei utfordring. Vi er ikkje laga slik som dei som frå barnsbein av har gått etter geiter i bratte fjellsider. Det same kan ein seie om folk frå Årdalen som trakk i Årdalskupa så snart dei greier å gå og tykkjer at stygge flog og glatte svaberg er på grensa til kjedeleg. Alle vi andre som ikkje har dei sterkaste hovuda og ikkje har isvatn i blodårane, vi treng desse fryktlause som ordnar opp med toskne sauer som forvillar seg ut og ned i skører og sva, der dei trur der er eit grenselaust matfat av irande grønt gras.

Skorfaste sauer er eit årleg fenomen. Når det lir mot haust og beitegrøda tek til å tape smak og kvalitet er sauene på leit etter noko betre. Dei smartaste sauene trekk heimover, der dei veit at bonden har smakfullt håbeite som ventar dei. Nokre held ut og beitar på sine faste plassar til sankinga startar. So har vi dei som må strekke seg litt for langt for å finne det grønstaste graset. Desse finn fort ut at dei har gjort ein tabbe. Det grøne graset vert fort opp ete og vegen tilbake viser seg ofte å vere for vanskeleg. Då er skorfestet eit faktum. Nokre gonger, etter ei tid, kan sauene finne ein annan veg ut av uføret, men som oftast treng dei hjelp for å koma der ifrå.

Uheldige sauer

Like under toppen av Grepstadnibba, ligg ei stor og brei skør, grønt og frodig. Nokre kallar ho for Kornfonna. Andre nyttar namnet Grønaskøra eller Geitskøra. Frå gamalt av vart det sagt at dersom Kornfonna hadde delt seg i tre innan Olsok, då kunne ein vente seg gode kornavlingar. I



Utstyrsjekk før ekspedisjonen legg av garde frå Dammen i Fossheimsdalen. Frå venstre: Jørn Inge Egge, Hilde Søgnesand, Ragnvald Søgnesand og Inge Erikstad. Foto: Jan Asle Bolset.

skuggen under fjellet smeltar snøen seint, og det grønne gras set som dukkar opp utover sommaren freistar nok sauene som snusar seg fram i svaberga på 1000 meters høgde over moder jord. Når veret er langvarig tørt og fint, vert svaberga enkle å gå for unge og sjølvsikre sauer og lam. So skjeddde i år. I slutten av juli fann 2 sauer med lam vegen ned i den nemnde skøra, 50-60 år etter førre gong. Lokale folk med kunnskap om skøra og fjellet sa med ein gong at desse ikkje ville finne vegen ut at. Dei fekk rett.

Redningsekspedisjon

Siste helg i september, to månader etter at sauene var på plass i skøra vart ein ekspedisjon sendt av stad frå Fossheimsdalen. Inge Erikstad, innfødd Årdøling med stor ekspertise innan fagfeltet skorfaste sauer hadde med seg Hilde og Ragnvald Søgnesand, som er geitebønder frå Søgnesand og godt vande med dyr i bratte fjell. Ragnvald er dessutan sær god til å finne og legge opp trygge sikringar i fjellet. Fjerdemann på laget var hardhausen Jørn Inge Egge, som er ein rutinert fjellmann. I tillegg har han gått kurs i

Grepstadnipa sett frå dalbotnen. Kornfonna ligg like under toppen. Foto Jan Asle Bolset.

saueløysing, i regi av Jølster Sau og Geit. Slike kurs vert arrangert med topp kompetente instruktørar.

Veka før hadde Inge og Ragnvald teke seg ned til sauene, og sett på forholda. Det vart då slege fast at sauene måtta fangast og ledast til den eine plassen der vegen tilbake over svaberga var mogeleg. Til denne jobben måtte ein vere fire personar.

Spennande underhaldning

Å sjå ei saueløysing i kikkert er nervepirrande saker. På Grepstad samla det seg etter kvart fleire som fylgde med på dramaet. Nokre hadde endåtil kaffi og tebrød med seg, og fylgde med på heile seansen, som tok bortimot fem timar.

Det var stor dugleik og lagarbeid som vart framvist i bratte Grepstadnibba. Sauene, som var unge og sky av seg vart jaga saman i enden av skøra, der det var trongt og berre to utvegar; tusen meter ned i steinura, eller la seg fange. Med stort tolmod og kløkt vart dei to vaksne sauene tekne i fat og sett band på. So vart dei dragsa fram til vegen ut av skøra som gjekk over bratte og glatte svaberg. Sauene forserte svaberga og brukte ikkje lang tid opp i Grepstadbotnen, der dei kom frå, ein gong i Juli. Dei fire saueløysarane som heile tida var forsvarleg sikra, laut gå i sikringstau over dei nemnde svaberga.

Det er ikkje alltid at skorfaste sauer let seg berge slik dei vart denne gongen. Nokre gonger tek panikken dyra og dei bykser utføre heller enn å verte fanga. Andre gonger lyt ein nytte skytevåpen når dyra ikkje kjem innan rekkevidde, sjølv for den beste saueløysar.



Det er ikkje noko å seie på utsikta innover i Stardalen her. Foto: Hilde Søgnesand.



Inge Erikstad er ute med fiskestanga. Utfordrande forhold i bratta under Grepstadnibba. Foto: Hilde Søgnesand.



Fast fisk! Inge Erikstad har fått snøra ned den eine sauene. Foto: Hilde Søgnesand.



Sauene er fanga og klare til oppstigning. Ragnwald Søgnesand og Jørn Inge Egge har full kontroll. Foto: Hilde Søgnesand


Kjærkommen kunnskap

I Jølsterfjella er der ei rekke med skøder som dyr har gått og går seg faste i kvart år. Kunnskapen om skorane og fjellet er soleis stor. Vi som driv med dyr i fjellet kan berre bukke og takke for at vi har personar som tek vare på og nyttar kunnskapen og dugleiken dei har om dyr som vert ståande faste.

I mars 2020 er det duka for lammekongress i Tromsø. Dette er ein landsdekkande kongress for sauebønder, som

vert arrangert kvart tredje år. Då skal Inge Erikstad halde foredrag framfor 500 sauebønder om emnet «løysing av sau i vanskeleg terreng». Lukke til med deling av viktig kunnskap.

Til NRK har eg eit forslag. Film ei spennande saueløysing og send det minutt for minutt. Det dankar ut alt det andre på ein laurdagskveld.



Dei gamle almane i Kjøsnesfjorden er eit mektig syn.



Kven er det som sit i bakgrunnen og ser på mannen og geita?



Mange fantastiske former å finne i gamle almar. Kven sin kjeft er dette?



Geita er glad i almelauf.

Styvingstrea i Kjøsnesfjorden

Tekst og foto: Einar Gautefall

Styving (eller lauving) var viktig for å spe på vinterforet til dyra. Frå gamalt vart det samla lauv frå mange treslag.

Alm, ask, bjørk og gråor vart alle nytta som styvingstre. Ein vanleg oppfatning var at lauv var fullt på høgde med høy i næringsverdi.

Almelauf har høgt næringsinnhald

I 1983 vart det gjennomført ein ny analyse av næringsinnhaldet i fleire av lauvtreslaga (Garmo 1986, Nedkvitne & Garmo 1986). Denne undersøkinga viste klare forskjellar frå treslag til treslag og ulike næringsverdiar gjennom vekstsesongen. Konklusjonen var at juni er det tidspunktet på året lauvet

har størst næringsverdi, og lauv av alm står i ein særstilling, og har høgast fôrverdi av alle treslaga gjennom vekstsesongen.

Til og med garden som eg bur på, har rett til å nytte beite og skog i ein 10 m brei teig inne i Kjøsnesfjorden.

At Astrup fekk inspirasjon frå styvingstre veit vi, men ein treng ikkje vere kunstnar for å bli inspirert av dei fantastiske formene som gøymer seg i dei gamle almetrea.

Alm kan bli opp til 400 år og står på den norske raudlista. I tider med naud vart almebork brukt til barkebrød, og det var også vanleg å skave barken til kufôr. «Almen gjøt» sa folk; det vil sei at dyra vart feite av å ete almebork. (Store norske leksikon).



At Astrup let seg inspirere av alm, er lett å forstå.

Mjølkeruta i Stardalen

Tekst: Astrid Befring Hovda



32

Sjåfør Olav Løset med mjølkebilan utanfor butikken i Lyngstadfossen i 1950. Bilen er ein Kløekner (tysk) 1943 modell. Foto frå jubileumboka til Firda Billag «Transport mellom fjordar» 1995, av Finn B. Førstund.

Då meieriet i Stardalen var nedlagt og det vart fellesmeiri på Álhus, kom denne mjølkeruta i stand. Mangeårig bussjåfør i Firda Billag, Thor Befring, var den første sjåføren på denne ruta. Den gjekk frå Fonn til Álhus kvar yrkedag året rundt.

Men julaftan gjekk mjølkeruta ekstra tidleg som morgonen, slik at dei kunne koma heimatt i tide før julekvelden tok til. Ruta var så presis at ein kunne stille klokka etter den.

Opne bilar

I byrjinga vart det brukt forskjellige opne bilar med lastekarm så det kunne lastast berre ei høgde med spanner. Då måtte far ofte køyra med tilhengar. Den andre bilen S 1909 ein Volvo med plass til sju passasjerar, vart bygd på Sandane Karosseri som mjølkebil med stort lasterom. Det var flakar som var festa i veggane. Flakane kunne leggjast ned slik at dei kunne lessa to høgder med spanner. Det var dører på

begge sider på bilen. Denne vart teken i bruk i 1955/56. Ny mjølkebil kom i 1965/66, S 7041 den hadde plass til berre 2 passasjerar, den gjekk til først på 80 talet.

Bøndene hadde mjølkerampar med nummer, som dei sette mjølkespanna på. Det var ein presisjon å køyra tett inn til mjølkerampen for å letta på - og avlesning. Det var 50 liter spann som var fulle av mjølk. Alle spanna hadde nummer. I retur frå meieriet var mange av spanna fylte med skumma mjølk eller surmjølk(skjør) Det var eit svært tungt arbeid både for sjåfør og hjelpesmann.

Det var eit fast system i på - og avlesning både frå rampane om morgonen, og på meieriet når spanna var tømde og skulle opp att i bilen. Det gjekk stort sett på omgang mellom bøndene å vera hjelpesmann, av - og pålessar.

Fekk presten på besøk

Det var eit dugnadsarbeid. Nokre bønder måtte av ulike årsaker leige hjelp. Då var det yngre karar som var med. Det



Meieriet på Ålhus, slik det såg ut på femtitalet.

var populært å vera hjelpesmann, seier Jacob Flatjord som var ein av dei som var med. Dei tente nokre kroner og det var sosialt. Bertil Vindheim var og ein av hjelpesmennene, og han vart etterkvart fast tilsett av - og pålessar.

I nistepausen på meieriet møttest sjåførane og hjelparane frå dei andre mjølkerutene. Dei fekk kefirmjølkk attåt nista og dei hadde litt tid til å prate. Far min fortalde at soknepresten, Rikvald Skaaheim ofte kom ned på pauserommet frå prestegarden for å prate og gjerne få litt praktisk hjelp med bilen sin. Og det var sosialt, han fekk « fretta nytt » frå dagleglivet i bygda.

Far min gjorde ofte tenester for folk innover i Stardalen. Dei stod ved mjølkerampen om morgonen, nokre for å slå av ein prat, andre trengde snus, skråtobakk, ein pakke gjær eller anna. Om far kunne kjøpa det. Han tok med tippkupongar som han leverte på Samyrkjelaget på Skei. Når klokker skulle reparert tok far dei med fram til urmakar Alf Helgheim, og fekk dei med inn att når dei var reparerte. Dette var tenester som far gjorde med glede. Sidan det var plass til nokre passasjerar på mjølkebil, var det alltid ein eller annan som hadde ærend på butikken på Skei eller i banken i Årdalen.

I alle år var læraren i Åmot skule Inga Bakke fast passasjer til og frå skulen.

Farlege vegar

Mjølkebil hadde i mange år parkeringsplass ved butikken i Lyngstadfossen. Når det var veldig kaldt, gjekk far ut dit etter 22 nyheitene og starta opp motoren og let den gå på tomgang til den vart varm. Han måtte vera sikker på at den starta neste morgon.

Etterkvart fekk han parkera nærare heimen på Befring, det var sjølvsagt ei stor lette.

Bilen vart vaska kvar dag. Far og hjelpesmannen tømde bøtter med vatn frå elva på Fonn og golvet vart skrubba reint. Bilen var rein både innvendig og utvendig. Far sette si ære i å halda bilen rein og i god stand.

Når det var skikkeleg ruskevær, var det stor rasfare både med snø og stein ved Svorene mellom Åmot og Fonn. Då var mor og vi andre glade når vi såg bilen koma heim. Svorfonna kom i kramsnø tysdag før påske i 1967 den gjekk ned på vegen og var 150 m brei og opp til 4 m høg. Adolf Flølo køyrde ruta den dagen. Bertil Vindheim stod bak i bilen og kunne sjå at fonna kom. Dei rakk akkurat forbi før fonna nådde vegen. Mjølkebil vart ståande på Fonn i 3 dagar før vegen vart opna att. Vegen vart flytta ned til elva tidleg på 70 talet.

Skjærsura var og ein rasutsett plass som sjåførane hadde stor respekt for.

Mjølkeruta i Stardalen var ein viktig sosial institusjon. Ein viktig del av det sosiale samfunnet. Det var eit fast og presist innslag i grenda. Far min var med å gjera denne ruta til eit fellesskap som skapte tryggleik i grenda.

Såg han noko uvanleg t.d. at det ikkje var lys i eit vindauga, køyrde han ikkje forbi før han visste at alt var i orden.

Då far min vart pensjonist var det Olav Flølo som overtok som sjåfør, han delte på å køyre skulerute og mjølkerute med far sin, Adolf. Bertil Vindheim starta som avløyarsjåfør på slutten av 70-talet.

Olav hugsar godt mjølkebilane

Tekst og foto: Hallstein Dvergsdal

Olav Flølo tok over mjølkeruta i Stardalen i 1969, etter at Thor Befring Slutta. Då hadde Olav hatt førarkort i ni år, seks år med løyve til å køyre tung bil, det som då heitte klasse 2.

– Eg lærde å køyre bil med buss, eg fortel Olav som i oppveksten var med far sin, Adolf, når han var ute med bussen. Då fekk han av og til prøve å køyre, og då var det å stå på golvet og styre.

Kort lærekøyring

– Ein gong fekk eg styre opp Utvikfjellet, medan far min rulla røyk. Slik gjekk det føre seg på den tida, men eg lærde nok bilkøyring på eit vis. Då eg skulle ta førarkort heldt det med ein og ein halv time hos køyrelærar Reidar Fagerlund på Sandane. Med oppkøyring kom førarkortet på 95 kroner, og ein køyretime kosta 15 kroner og det var ganske mykje ettersom timeløna for ein sjåfør i Firda Billag var fire-fem kroner på den tida, fortel Olav.

Busslappen

Førarkort for buss og lastebil tok han i militæret på Andøya Flystasjon. Dette skjedde altså i 1963, men her strauk han på første forsøket på oppkøyring.



Olav Flølo hugsar godt dei første mjølkebillane i Stardalen og er eit oppkomme når det gjeld historier kring person- og godstransport frå femtitalet og utover.

– Eg var vist nok litt uforsiktig då eg skulle snu i eit kryss. Eg fekk ny sjanse to dagar seinare og då gjekk det bra, flirer Olav som fekk støtte av den militære sjefen sin som meinte at den bilsakkunnige var for mykje redd, når han hevda at Olav var uforsiktig.

Etter at Olav Flølo først kom inn i Firda Billag, i 1969, så vart han verande der til han vart pensjonist for to år

sidan. Siste jobben var å køyre natt-ekspresen frå Oslo til Førde, men før den tid var han inn om det aller meste i Firda Billag. Det var alt frå mjølkerute og dyretransport til skulerute, varetransport og busskøyring rundt om i fylket, og på ekspressrutene.

Mange episodar

Olav hugsar godt dei første mjølkebilane i Stardalen og han hugsar registreringsnummera på alle, i tillegg til merke og årsmoell. Han har også mange historier på lager frå femtitalet då lastebilar ikkje var heilt daglegdags.

Ein gong hadde ein bil velta og låg på sida. Då kom vegvaktaren forbi, ein ganske slagferdig kar.

– No er det lett å komme til å smørje, sa han til sjåføren.

Olav køyrde sin siste tur på 75-årsdagen for to år sidan, og kan hugse tilbake på 52 år som sjåfør i Firda Billag.

– Det var mange artige episodar, med både folk og fe, seier Olav og blar i jubileumsboka til billaget, ei bok som kom til 75-års jubileet i 1995.



Den første tida hadde ikkje bilane til Firda Billag garasje i Stardalen. Men det kom etter kvart og både den første og den noverande vart bygde på Åmot. Den som er i bruk no, er frå 1973.

Juleheftesamlaren frå Vassenden

Tekst og foto: Hallstein Dvergsdal



Ole Petter Paulsen er ein ihuga samlar av teikneseriar, inkludert julehefte. Ein av favorittane mellom julehefta, er Smørbukk og Solveig Muren Sanden er favoritten mellom teiknarane.

Det finst neppe ein jølstring som veit meir om julehefte enn Ole Petter Paulsen. Det er ganske sikkert ingen som har så mange julehefte som han heller.

Jølst har besøkt den ihuga samlaren som ikkje berre samlar, men som også veit det aller meste som er verdt å vite om norske julehefte. For det får vi nemleg også vite; at julehefte er eit særnorsk fenomen.

Knoll og Tott kom først

Dei fleste har truleg ein eller annan gong lese om dei to rampete tvillingane som stadi er opposisjon til sine føresette og andre autoritetar. Knoll og Tott dukka først opp i Noreg i 1909, bladet «Vor tid». Frå 1911 var det vekebladet «Hjemmet» som trykte teikneserien som kom med sitt første hefte til jul same året.

– I 1914 kom så det første juleheftet av serien og har eksistert sidan, fortel Ole Petter som tek oss med på ei spennande reise i samlinga si. Undervegs fortel han om dei norske klassikarane som kom frå 1930-talet og utover. Då dukka dei opp, både Vangsgutane, Stomperud, Smørbukk, Juss og Troll og Juletre. Alle finst sjølv sagt i samlinga til Ole Petter Paulsen, ei samling som tel tusenvis av hefte. Men her er det ikkje berre julehefte. Nei, vi snakkar om teikneseriar av alle slag.

Donald

Når det gjeld denne samlarmanien, som han sjølv kallar det, så starta det med Donald i barndommen.

– Etter at eg byrja på skulen, kjøpte eg sjølv og mykje av det eg har når det gjeld Donald, er kjøpt originalt og eg har samla sidan eg kjøpte første heftet. Det å heile tida vere på jakt etter noko, er moro, fortel Ole Petter som på slutten av



Det Ole Petter kallar samlarmani, starta med Donald i barndommen og sidan har det berre balla på seg.

70-talet fann ein koffert full av Smørbukk og Tuss og Troll, arvegods etter tantene sine. Slikt var sjølvstekt for ei skatte-kiste å rekne for den ihuga samlaren som aldri får nok, og som har mesteparten av barndomsheimen fylt opp av reolar frå golv til tak. Reolar som inneheld alt han samlar på, ikkje berre julehefte og teikneseriar, men også, plater, filmar, plakatar, kort sagt det meste som kan samlast på.

Julehefta betyr mykje

Under tida på Firda vgs. på Sandane, kom han i kontakt med «Tempo» og dette bladet vart det kjøpt mykje av både då og seinare.



Ein av godbitane i juleheftesamlinga er dette eksemplaret av Vangsgutane frå 1947



Under tida på Firda vgs. på Sandane kom Ole Petter i kontakt med bladet Tempo. Her er han sjølv portrettert i bladet.

Etter kvart kom han så i kontakt med antikvariatet til Knut Branddal som spesialiserte seg på julehefte og dermed vart det fart på denne delen av samlarmanien.

– Eg kjøper det eg likar og vil ha, og julehefta betyr meir og meir, seier Ole Petter som har Smørbukk og Tuss og Troll frå 70-talet som favorittar. Han har også ei meining om teiknarane av desse hefta.

– Solveig Muren Sanden er best av dei klassiske, norske teiknarane, dei som teikna dei mest populære seriane. Jens R. Nilssen var best på slutten av si karriere, meiner Ole Petter som er heilt krystallklar på at Julehefta er noko som høyrer jula til. Og han fortel også at mange av dei han har i samlinga si, har han på grunn av framsida.

Skal vere «snille»

Ole Petter Paulen har eit par normer når det gjeld julehefte, normer som må vere på plass for at han skal akseptere dei.

– Dei skal ikkje ha «bobler» som andre teikneseriar og dei skal ikkje innehalde vald og sex. Dei skal vere slik dei var på 70-talet, meiner Ole Petter som gjerne kjøper brukte blad, berre dei er reine og pene. Han kan også avsløre at han har betalt ein del for nokre av blada i samlinga si.

– Det dyraste, eitt av dei første Tuss og Troll, kosta nok nokre tusenlappar. Eg skulle gjerne hatt komplett samling av både Smørbukk og Tuss og Troll, men her manglar eg nokre frå den første tida. Også stomperud skulle eg gjerne hatt



I avdelinga for musikk og musikkhistorie, finst det meter på meter med plater og videoar.

komplett, fortel samlaren, som trass i den enorme mengda med blad, veit nøyaktig kvar dei enkelte eksemplara finst i samlinga, kva reol, kva skuffe.

Det veit han fordi alt er systemisert og også katalogisert. Det han ikkje veit heilt eksakt, er kor mange blad han har totalt og kva samlinga kan vere verd. Legg vi til den enorme platesamlinga og alt det andre han samlar på, så er det enorme tal vi snakkar om.



Alt i samlinga til Ole Petter er nøye systemisert og lett og finne fram i. Dei nynorske juleheftea er favorittane i den rikhaldige samlinga.



Eit veireliv

Av Jan Asle Bolset

Nei, det var nok ein veir ein skulle vore.
Utan ei einaste sorg og spore.

Plassert på jord for å pare på sauer,
Heile tida heilt til ein dauver.

Det er klart det er travelt, når det står på som mest,
Resten av året er meir som ein fest,

Då har han berre ein ting i sinnet,
Ete og ete til der ikkje er meire å finne.

Ein ting skal veiren passe seg føre,
Gjer ikkje so bonden mister humøret.

Et han for mykje og vert for feit,
Kan bonden fort koma i beit.

Når sauene er klare og lete seg pare,
Lyt veiren vere klar til å på dei fare.

Er magen for stor og buken for sid,
Kan veiren fort bruke for mykje tid.

Då vert bonden fort lei og forbanna,
Han kan då finne ut at han skulle hatt ein annan.

Brått ligg veiren dårleg an,
Han må slanke seg, og det fort som fan.

Ete mindre og få ned buken,
Slik at bonden vert nøgd med bruken.

I motsett fall kan veirelivet ende,
Eigaren kan han på slakteriet sende.

Som de skjønner er det kort mellom liv og daue,
for den som berre skulle pare saue.



I Martin Luther sine fotefar

Tekst og foto: Ingrid Søyland



Artikkelforfatteren og statue i Tyskland. Artikkelforfatteren fremst.

Baktankane mine var så ymse – som å møte våren litt på forskot og sjå meir av Tyskland sør for Berlin, då eg melde meg på Fotefar Temareiser sin tur «I Luthers fotefar» saman med systera mi, Margunn. I år kom rett nok våren til Jølster alleie før vi starta sørover, men slikt styrer ikkje vi.

Temperaturen i Berlin var som på Gardermoen, og våren var litt lenger komen enn heime. Bussturen sørover gjekk gjennom flatt, etter kvart meir kupert landskap. Her var vide, velhaldne bøar, store vindmølleparkar, og ein og annan landsby-huskrull her og der. Kvar var driftsbygningane?

Edvard Hoem og Luther

Første overnatting var i Eisleben, der Luther var fødd. Det seiest at han var av fattigfolk, men nyare utgravingar under husa der familien har budd, syner at han hørte til ein ganske velstående familie: Beinrestar og brot av steinty viser kva dei åt, og kva dei hadde å hjelpe seg med av husgeråd.

Edvard Hoem var foredragshaldar på turen. Temaet var opphavleg Frank Aarebrot sin ide. Då han døydde, tok Ed-

vard Hoem over. Han starta kvar morgon med foredrag. Ein skal vite mykje om Luther og samtida hans, for å ha noko å seie i tre kvarter sju dagar på rad. Dette kan ikkje refererast, det må opplevast!

Luther var «ein eksepsjonell personlegdom – kanskje ein av dei største i verdshistoria», meinte Edvard Hoem. Det skulle noko til å tale paven midt imot på dei tider. Luther gjorde det. Korleis kunne dette skje, som i grunnen var umogleg? Luther var ein stor taktikar; han tagde den eine dagen og køyrde hardt på den neste.

«Frelseaksje»

Utgangspunktet for Luther sitt arbeid var avlatshandelen, som Paven brukte for å få pengar til kyrkja og til å bygge Peterskyrkja. «Straks pengane i kista kling, då sjela ut av skjærselden spring». Ein kunne få avlat for framtidige synder ved at Paven gjekk i forbøn for sjelene i skjærselden. Likeins var det råd med å få avlat etter at ein var død. Avlaten tilgav alt – var «ein frelsesaksje». Luther meinte at avlat var bortkasta pengar, at Paven ikkje kunne gje avlat, men be Gud gjere det. Likeins meinte Luther at Paven burde nytte



Arbeidsrommet til Luther i slottet Wartburg.



Føredragshaldar Edvard Hoem (fremst) og historikaren Rasmus Sunde som var reiseleiar.

40

eigne pengar til å byggje Peterskyrkja, ikkje fattigfolk sine ved at dei betalte avlat.

Turen vår gjekk vidare til Eisenach, etter å ha svinta innom Mansfeld, der vi såg på fleire «Lutherhaus». Trivelege småbyar som er lette å ta seg fram i. Med hjelp av bykart finn ein lett dei bygga ein har lyst til å sjå, eller besøke.

Slottsbesøk

I Eisenach hadde vi den perfekte sommardagen. Strålende sol og behageleg temperatur. Her var vi innom både Luther- og Bachmuseum, og fekk med oss ein liten konsert der ein ung musikkstudent spelte på ulike tangentinstrument med store lyd-variasjonar, frå dei spinklaste til dei mest kraftfulle tonar. Så bar det opp til det fantastiske slottet Wartburg, bygt på 1000-1100-talet, høgt på ein bakketopp, med utsikt over «heile Tyskland». Dette vart den største fysiske utfordringa på heile turen, og mange måtte ta fleire pausar før dei var oppe. Her kunne eg ha vore heile dagen. Omvisinga var svært god. Det mest imponerende var eit rom som var dekorert frå golv til tak med forteljande motiv laga av bitte små mosaikkbitar.

I dette slottet sat Luther i eksil, og omsette heile Nytestamentet frå gresk til høgtysk på 11 veker. På den tida fanst det ikkje eit tysk skriftspråk, så han nytta det saksiske kansellispråket. Dette gjorde lesekunsten lettare tilgjengeleg for folk flest, og førde til stort sal av Nytestamentet.

Munkeliv

Turfølgjet vårt drog frå Eisenach til Erfurt. Då Luther var på veg mellom desse byane, kom han ut for eit overhending torevêr. Han vart livredd, og lova å bli munk viss han slapp unna dette med livet i behald. Slik gjekk det til at Luther vart augustinarmunk, og prestevigd i 1507. Han tente som

munk i Augustinarklosteret i Erfurt, Der fekk vi omvising ved ein utruleg engasjert og underhaldande guide (engelsk, faktisk). Ein habil skodespelar har nok gått tapt i han.

I Erfurt hørde vi ein korkonsert i ei kyrkje. Det var eit amatørkor, og mange i turfølgjet tykte dei song dårleg. Slik gjer meg litt redd: skal all kultur bli så perfekt og stråmlinjeforma at «dei glade amatørar» etter kvart ikkje slepp til? Konserten var ikkje perfekt, men eit triveleg innslag, og lokalpatriotar sat på første benk og heia og applauderte, nett slik vi er vane med heime.

Ikkje berre, berre å kjøpe is

I Halle såg vi dødsmaska til Luther - merkeleg kva som kan verte turistattraksjon. Elles var dette dagen då våren tok slutt og kulden tok over. Rett nok bra med sol, og vi hadde ein fin «fridag», med butikk-, torg- og kafebesøk. Vi ville kjøpe is i ein «Eisbar», og prøvde oss ved skranken. Nei, vi måtte setje oss og bestille frå bordet. Vi så gjorde, sette oss og venta vel og lenge, og spurde til slutt ein tilsett som kom forbi. Nei, dette var ikkje hans bord, sa han. To andre tilsette gjekk forbi utan å sjå til vår side, så vi fann oss ein annan Eisbar med betre service. Det vart ei påminning om at vi ferdast i tidlegare Aust-Tyskland, og framleis gjeld følgjande: Alle skal ha arbeid, og ein skal ikkje ta arbeidet frå andre ved å overta kundane deira. Likeins med pengar: I småbyane var det ikkje mykje hjelp i å kome med betalingskort. Det var kontantar som gjaldt. På etestader hadde servitørane digre lommebøker med setlar og myntar – eit stort utval måtte til for å veksle rett.

Urokråka

Luther var ved universitetet i Wittenberg, som var eit «urokråkereir». Der hadde Luther «tårnoplevinga si»; at det er



Augustinarklosteret i Erfurt der Luther vart munk.

trua på Jesus som gjeld (ikkje «berre» gode gjerningar). På riksdagen i Worms vart Luther lyst i bann av paven, men fekk fritt leide tilbake til Wittenberg. Der sat han inne-stengt, men nytta tida godt: I eit større prosjektarbeid med teologar og språkeksperter omsette han også Gamletestamentet frå hebraisk til tysk. Det var viktig å få Bibelen ut til folk flest, så Luther, saman med medarbeidarane sine, tok i bruk mange «vanlege» ord frå talespråket. Slik vart han ein føregangsmann for tysk skriftspråk. Så gjaldt det å få «Lutherbibelen» ut til folket: Der var trykkekunsten til god hjelp. Luther kunne trykke opp skriftene sine i store mengder, og tilhengarane hans delte dei ut til folket.

Frå Halle gjekk turen vår til Leipzig og konsert i Peterskyrkja. Det var ein vokalkonsert, der tre kvinner og fem menn (pluss dirigent), song gregorianske tonar i over ein time. Dei som veit betre enn eg, tykte dette var ei fantastisk oppleving. Med ei fullstappa, vakker kyrkje og mykje å sjå på attåt å lytte, kan eg seie meg einig i det, men songen vart noko einsformig i lengda. Ei spesiell oppleving var det likevel, og kjekt å ha opplevd den tryne kultur.



Luther-rosa, støypt ned mellom brusteinane ved Luther-Haus.

Ord og tale

Ord og tale var Luthers kampmiddel. Song og musikk var også viktig for han, og salmane hans spreidde seg fort utover heile Tyskland. Gjennom songen vart folk løfta opp, og kunne kjenne seg som Guds folk. Salmen «Vår Gud han er så fast ei borg» er den mest kjende han skreiv. Luther nytta kjende tonar, gjerne folketonar, til songane sine. Seinare laga J.S. Bach alternative melodiar til tekstane hans.

Edvard Hoem sa det slik: «Musikken er det som varer, tek slutt, og begynner igjen».

Siste dagen var vi i Wittenberg, der vi var i Lutherkirche, Lutherhaus og Luthermuseum. Dei to siste er same bygg: Huset Martin Luther og familien hans budde i, er no museum. Der kan ein gå i timevis og få informasjon, som står på engelsk og tysk ved alle tekstar, skulpturar og bilete. Dei hadde også informasjonshefte på 10-12 ulike språk. Dette bør vi ta med oss i planane når vi arbeider vidare med As-truptunet.

Siste morgonen fekk vi med oss det sjuande foredraget til Hoem, der han tok for seg korleis Luther og reformasjonen har påverka det norske samfunnet. Hoem har



Slottet Wartburg der Luther sat i eksil og omsette Nytestamentet.

skaffa seg imponerande kunnskapar om emnet, og han gjer seg truverdige og interessante refleksjonar. Berre Hoem sjølv kan formidle dette stoffet på beste måte.

Ein forvitneleg tur var til endes, og kan tilrådest! Vi kom heim med større kunnskapar om Luther, om trivelege småbyar, geografi og næring i ein bit av Tyskland.

Gamle vêrmerke kan framleis fungere

I tidlegare tider, då vêrmeldingar ikkje eksisterte, men jølstringar og andre var meir avhengige av vêret i mykje av det dei dreiv med, enn no, så måtte dei bruke naturen sine eigne teikn for å lage seg vêrmelding.

I årets utgåve av Jølst har vi teke med nokre gamle vêrteikn frå Jølster, samla saman i regi av eit lokalhistorieprosjekt som Eikås ungdomslag sysla med for ein del år sidan. Vi har spreidd dei litt utover bladet, og så får det bli opp til lesarane å finne ut om dei verkar enno.

Samlinga av vêrmerke stammer frå eit lokalhistorieprosjekt i regi av Eikås ungdomslag.

Vêrmerke som kan lesast av skyene

Når skyene er raude i aust, då vert det styggevêr. Nokre seier det blir storm. Er det stor fart i skyene, då er det styggevêr i vente. Når skodda går tørr til værs, vert det pent vêr.

Vêrmerke som er særmerkte for Jølster

Når ein høyrer duren av Jølstra-elva i Svidalen, blir det regn. Det same seier dei også på Hamar, Kjelsnes og Strand. Når Storebotnsfonna (i Tindfjellet, mot Berg) deler seg i tre, er kornet modna på Berg. Når Jølstravatnet sig mot land vert det fint vêr. Det vil seie at vatnet slår seint mot land, som tunge dønningar. Når fonna går i Halvgjera, kan ein så.

Vêrmerke der dyr og fuglar gir oss teikn

Når sauene trekkjer nedover, er det styggevêr i vente. Når gauken gjel i låglandet, blir det styggevêr. Når fuglane byggjer reir høgt i trea, blir det ein fin sommar. Når gauken gjel, kan ein gå berrføtt. Andre seier at då kan ein sitte på bakken. Ser vi mange sniglar, er det regn i vente. Om staren samlar seg i flokk på bøen om våren, då får vi snø. Dersom katten et gras, blir det regn.

Ymse vêrmerke

Stige røyken rett opp, blir det godvêr. Legg han seg etter taket, blir det regn. Mai kulde gjev bondens lader fulle. Når elva krepas opp, blir det vêromslag. Tre dråpar under upsa, er jamgodt med sju lass hø. Vêret Marimessedag skal vare i sju veker. Dersom det snør sommarmåldag (14. april) blir det ni snøfall til.



Desembermorgon ved Kjøsnes. Foto Geir Skagen.



JØLSTER BIL

6843 Skei i Jølster
Tlf.: 57 72 68 90
www.jolsterbil.no

Rør og rørartiklar
Sanitæranlegg og utstyr
Varmepumpe luft/vatn
Pumpeanlegg
Kjøkkeninnreiring
Baderomsmøblar

JØLSTER RØR AS

Aut. rørleggarmeister
TROND AARDALSBASSE
POSTBOKS 43 • 6841 SKEI I JØLSTER
TLF. 57 72 83 50 • MOBIL 95 98 78 20

**JØLSTER
/// MINIBUSS
905 75 555**



**VASSENDEN
TAXI**

6847 Vassenden
Mobil 48 21 00 22

COOP MARKED SKEI

Telefon 57 72 83 77
Opningstider 9–21 (18)
epost: skei@marked.coop.no

BYGG MIX

Telefon 57 72 87 68
Opningstider 9–16.30 (13)
epost: skeijjolster.byggmix@coop.no



COOP JØLSTER SA

Telefon 57 72 83 77
6843 Skei



Årdalsbakke Elektro AS

Vikavegen 104, 6843 Skei i Jølster
www.aardalsbakke.no



elfag.no - Når du treng elektrisk



Eg hjelper deg med:

Negle- og hudlidingar • Skorelaterte fotproblem • Råd og veiledning av sko • Råd, øvelsar og veiledning for å gjenskape optimal bevegelse og styrke muskulaturen i foten, i individuelle avlastningar og sårar • Forebygging av komplikasjonar t.d. ved diabetes og revmatisme.

Ira Røyseth Førde

aut. fotterapeut og biomekanisk terapeut med høgskule-
utdanning innan sko, bevegelse og helse

Vikavegen 1, 6843 Skei • Tlf. 990 26 833



CAMPING | FISKE | NATUROPPLEVING



Jølster Panorama
– ein idyllisk og moderne campingplass
i vasskanten av Jølstravatnet

- tur- og fiskemoglegheiter
- god standard på servicebygg
- kjøkken i familierom | vaskemaskin
- tørketrommel | handicaptolet
- godt internett

JØLSTER PANORAMA
jolsterpanorama.no
For booking og informasjon, ring 57 72 82 34
eller epost til malene@skeiservicenter.no

TRØTT OG LEI? SVING INNOM CIRCLE K SKEI!

Ola' en og gjengen

**PÅ SKEI SERVICENTER
HAR GÅTT
OVER TIL** **CIRCLE K**

- > ny butikk
- > nytt konsept
- > KOPPEN 2020
– snart i sal!

SKEI SERVICENTER
jølstravegen 3261, 6843 Skei • skeiservicenter.no



**COOP MARKED
VASSENDEN**

Tlf 57 72 72 00

Opningstider:
Kvardagar 08.00 – 20.00
Laurdag 08.00 – 18.00

45



AUDHILD VIKEN AS
Skei 57 72 81 25 • Førde 57 82 00 84

MASKINENTREPRENØR
Ottar Dvergsdal AS
6843 SKEI



-Alt innan grunnarbeid

nordfjord *Naturstein av høy kvalitet* SKIFER

www.nordfjordskifer.no

MASKINENTREPRENØR Jostein Sunde As jostein-sunde.com

Graving Boring Sprenging
Transport Steinmassar Kontainerutleige

post@jostein-sunde.com

Tlf: 57 72 73 00

46

SPAR




NETTBUTIKK

VI HANDLAR FOR DEG!

Bestill på nettbutikk.spar.no. Hent varene ferdig pakka hos SPAR Jølstraholmen eller få dei levert på døra.

Alltid same pris på nett som i butikk.



Åsen & Øvrelid as

www.aasen-ovrelid.no

Vi støttar Jølster mållag sitt arbeid for å ta vare på språket vårt.



ALF HELGHEIM & CO AS
Skei Sentrum • 6843 Skei i Jølser
Tlf. 57 72 83 11 • post@alfhelgheim.no • www.alfhelgheim.no

Canon
Canonringen

Eikås Skogsdrift AS

6847 Vassenden

Mobil 97 64 84 82

jarle@eikaas-skogsdrift.no

ENTREPRENØR

**Ivar A.
Sunde a/s**



6847 Vassenden

Telefon 57 72 72 96 • Mobil 90 19 62 72
E-post: ivar@isunde.no

Utfører alt innan tre og betong



Bakverk med tradisjon!

47

Jølster
Betongbygg a.s



Tlf. 57 72 70 18
Mob. 908 83 940

RENT A WRECK

SANDANE • LEIGEBIL/RENTAL CAR

Skrede Motor AS

Reed, 6827 Breim

Tlf: 907 54 298 • sandane@rentawreck.no

www.rentawreck.no



KJØSNES
FERIEHYTTER

www.kjosnes.no

Tlf. 97 01 92 86





Frå Astruptunet. Foto: Hallstein Dvergsdal.

Solglimt Trykkeri / Firda Tidend, Sandane

ISSN 0801-9592

Kr. 100,-



9 770801 959289